



FINNÅS KRAFTLAG



Innhald

Me vil og må få det til	5
Nøkkeltal	8
Finnås Kraftlag SA (Konsern)	8
Finnås Kraftlag AS (Marknad)	8
Bømlo Kraftnett AS (Nett og veglys)	9
Styrets årsmelding	10
Konsernet si verksemd	10
Føremål	10
Medlemstal	10
Ikkje innløyste partar	10
Eigarskap i andre	10
Medlemskap i organisasjonar	10
Leiargruppa	12
Styret	13
Vararepresentantar	13
Styreansvarsforsikring	14
Forsikringsdekning	14
Valnemnd	14
Revisjon	14
Visjon og verdiar	14
Bømlo Kraftnett AS	15
Nettselskapet sitt eigarskap i andre	15
Finnås Kraftlag AS	16
Vidare drift	16
Arbeidsmiljø	16
Likestilling og diskriminering	17
Midlertidig tilsette	17
Deltidsstillingar	18
Ytre miljø	18
Etikk og samfunnsansvar	19
Årsrekneskap	20
Framtidig utvikling	21
Finansiell risiko	21

Marknadsrisiko	23
Disponering av resultat	24
Kort om drifta i 2024.....	25
Finnås Kraftlag SA	25
Bømlø Kraftnett AS.....	25
Personale	25
Eigedomar	25
Ekornsæter stasjon	25
Børøysund stasjon.....	25
Nettstasjonar:	25
Høgspennett:	25
Nettleige	26
Energiuttak.....	27
Nettdrift	28
Det lokale el-tilsyn, DLE	32
Veglys	34
Byggjestrøm	34
Finnås Kraftlag AS	35
Personale	35
Breiband.....	35
Kraftomsetnad	38
Elbil-lading.....	38
Solceller.....	38
Strømstyring.....	39
Resultatrekneskap	41
Balanse pr. 31.desember	42
Balanse pr. 31. desember	43
Rekneskapsprinsipp	44
Konsolideringsprinsipp	44
Inntekter.....	44
Overføringsinntekter/nettregulering.....	44
Kostnader	44
Skattar	44
Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigendelar og gjeld	45
Anleggsbidrag.....	45
Vedlikehald.....	45

Aksjar og andelar i tilknyttta selskap og dotterselskap	45
Andre anleggsaksjar og andelar.....	45
Finansielle instrument og varederivat	46
Materiallager	46
Fordringar.....	46
Bankinnskott, kontantar o.l.....	46
Pensjonar.....	46
Kontantstraumoppstilling	46
Note 1 – Segmentinformasjon	48
Note 2 – Flaskehalsinntekter	49
Note 3 – Varige driftsmidlar.....	49
Note 4 – Lønnskostnad, tal på tilsette, godtgjersler, lån til tilsette m.m.	50
Note 5 – Skattekostnad	51
Note 6 – Eigenkapital.....	52
Note 7 – Investering i dotterselskap	53
Note 8 – Fordringar og gjeld	53
Note 9 – Aksjar og andelar i andre føretak mv.	53
Note 10 – Transaksjonar med nærståande partar	54
Note 11 – Marknadsbaserte fondsandelar	54
Note 12 – Likvidar og likvidplasseringar.....	54
Note 13 – Oversikt over medlemsinnskott.....	55
Note 14 – Pensjonskostnadar, -midlar og -forpliktingar	55
Note 15 – Kraftkontraktar.....	56
Note 16 – Finansiell risiko	56
Kontantstraumoppstilling	58
Revisjonsberetning	59

Framsida: Finnås Kraftlag fekk prisen for beste kundeservice i Altibox partnarskapen

Me vil og må få det til

I fleire år har me prata om utfordringa med å skaffe nok kapasitet til alle nyetableringar og utvidingar som er planlagd på Bømlo. Saman med Bømlo Næringsråd, Bømlo kommune og Invest In Sunnhordland har me i heile perioden arbeidd for å spreie kunnskap om situasjonen, spesielt hos sentrale politikarar og sentrale personar i Statnett. Næringsaktørar og eigaren av regionalnettet i regionen har og deltatt aktivt i dette arbeidet.

Jobben med å spreie kunnskapen og ikkje minst få noko til å skje i praksis, kan minne om eit maraton. Det er viktig å ha uthaldenheit og ikkje forvente dei store spurtane eller raske framskritta. Ein kan likevel ikkje ta seg tid til pausar eller omvegar om ein skal komme i mål innan ei akseptabel tid.

Me meiner at ein så smått kan sjå resultata av arbeidet som er lagt ned. Statnett saman med Fagne prioriterer området og ser etter løysingar som raskare kan auka kapasiteten. Me merkar og at energidepartementet er meir på ballen. Blant anna er det i desse dagar ute ei høyring rundt innføring av eit nytt regelverk som lovfestar plikta til å ha ledig kapasitet i sentral og regionalnettet. Statssekretæren som har vore involvert i forslaget, har vore i fleire møte med representantar frå regionen og blitt forklart våre utfordringar.

Sjølv om ein ser små lyspunkt, må me halde trykket oppe for å sikre at arbeidet ikkje skal stoppe opp. For meir kapasitet i straumnettet vil næringslivet på Bømlo trenge, om dei skal oppnå omstilling og vidareutvikling av det som allereie er bygd opp.

Også me i Finnås Kraftlag og Bømlo Kraftnett har ei viktig oppgåve å gjere i dette arbeidet. Det er me som er ansvarlege for nettet på Bømlo, og det er me som må sørge for at vårt nett ikkje blir ein flaskehals. Styret har hatt stort fokus på dette og lagt trykk på administrasjonen om at me må finne løysingar for samfunnet på Bømlo. Som del av løysinga har me føreslått for årsmøtet å etablere eit

nettutbyggingsfond som aktørar med større kostnader til nettutbygging kan søkje om støtte frå. I tillegg har nettselskapet erkjent at me har ei plikt til å ha eit godt og robust nett med redundans (reserveforsyning). I tillegg må det og vera rom for naturleg samfunnsutvikling og mindre utvidingar. Det vil likevel gå ei grense for kor mykje nettselskapet kan ta på seg i eigen regi. Slik regelverket er utforma pr. no, stiller det klare krav om bruk av anleggsbidrag.

Me har i ovannemnte samanheng, bedt konsultentselskapet Jøsok om å greie ut ulike konsept for kapasitetsutvidingar i vårt eige nett. Det er særleg sør på Bømlo at me ser behov for forsterking på kort sikt. Resultatet av utgreiinga er venta i løpet av mai. Me håpar dette gir oss løysingar som er realistiske og som kan arbeidast vidare med.

Når me i lang tid har informert om den knappe kraftsituasjonen, kan dette bli oppfatta negativt blant næringsaktørar. Det er difor viktig å få fram at alle som treng meir energi enn 1MW, framleis kan og må søkje om tilknytning som tidlegare. Forskjellen er berre at Statnett ynskjer å ha større kontroll på tilknyttinga her i regionen enn elles i landet. Det kan gis løyve til tilknyttingar større enn 1MW om forbruket har ein profil som passar saman med resten av forbruket.

Elles er det kjekt å sjå at dei siste vegprosjekta har starta opp. Me er med i alle desse nye vegane med både straumkablar og fibertrekkeøy. Me har framleis god tru på fiberen sine fordelar, og investerer heile tida i meir og betre fibernet. Det er den siste tida dukka opp nye aktørar på øya som ynskjer å tilby trådlause produkt til kundane våre. Så langt har me ikkje merka større fråfall, men tvert imot fått mange telefonar der kundane fortel om seljarar som er avviste på døra, då



dei føretrekk ein lokal leverandør med god service som dei kan stole på. Dette er det mange andre som og må ha meldt tilbake i den årlege EPSI undersøkinga som breibandselskapet vårt er med på. Det var ekstra stas å få utmerkinga som det selskapet i Altibox partnerskapet med best score på kundeservice. Eit godt produkt er viktig i slike målingar, men sidan alle som blir målt internt i Altibox leverer like produkt, viser kåringa at me kan takke dei flinke og kjekke tilsette for dette gode resultatet. Dei yt ein service som går ut over det ein kan forvente i dagens samfunn. Dette set heldigvis kundane våre pris på. Me håpar å bli på toppen og har eit mål om å alltid yte litt ekstra til dei som kjøper tenester av oss. Dette gjeld ikkje berre breiband, men og straum, nett og andre tenester me tilbyr.

Me er eigar i selskapet Nettalliansen saman med andre små og mellomstore nettselskap. Nettalliansen har som hovudmål å hjelpe eigarselskapa med å drive kostnadseffektivt gjennom gode innkjøpsprisar, fornuftig prisa IT-system med høg kvalitet og at tilsette i eigarselskapa arbeidar saman og på same måte. På den måten kan små selskap saman oppnå stordriftsfordelar. Me er i sluttspurten på innføring av dei siste nye felles systema, og håpar at me i løpet av 2025 kan ha nådd målet om at alle selskapa er likt utrusta med tanke på IT-system og arbeidsmetodar.

Kontorbygninga og garderbane er nå oppgradert innvendig. Det er viktig for trivselen til dei tilsette å ha lokale ein kan trivast i og vera stolt over å vise fram. Med ein stor aldrande bygningsmasse er det alltid nye oppgåver å ta fatt på. Framover vil me måtte vedlikehalde både tak og fasadar på alle bygga. Me kjem til å ta dette gradvis for å utnytte restlevetida så godt som råd.

I 2024 har me framleis opplevd høge energiprisar. Størst fokus fekk prisane i desember då ein såg timeprisar som passerte kr. 13. pr. kWh. Straumstøtta til private er no timebasert, og dette har medført mindre belastning for privatkundane i slike ekstremperiodar. Regjeringa har også lansert eit forslag om innføring av Norgespris. Dette skal vera eit fastprisprodukt der privatkundane kan binde seg til ein fastpris på 50 øre/kWh

pluss påslag. Me reknar med at dette vil bli eit populært tilbod når det blir sett i verk. Som tidlegare er det likevel næringslivet utanom landbruk, som må ta den store støytten. For desse er det ingen støtteordning og dei må forhalde seg til dei gjeldande prisane. Me har lenge hatt lyst til å tilby fastprisløysinga som vart lansert for næringslivet. Det har vist seg at det har vore vanskeleg å få tak i produsentar som vil tilby slike produkt til oss som straumseljar. Siste info frå Statkraft er at dette vil bli vurdert på nytt etter 1. kvartal 2025. Me håpar at dette kan løyse seg i nær framtid. Likevel er ikkje dette eit produkt som vil passe så mange av våre næringskundar på Bømlo. Det er blant anna krav om likt uttak i kvar einaste time gjennom heile døgnet. Om ein ikkje brukar all krafta ein har avtalt, må denne likevel kjøpast til avtalt fastpris og seljast vidare til aktuell spottpris.

Kundane har forventningar om at kraftselskapa skal driftast kostnadseffektivt samtidig som dei vil ha god service. Då er det hyggeleg at nettselskapet Bømlo Kraftnett på nytt har blitt kåra som eit av dei mest effektive nettselskapa i Noreg. Bømlo Kraftnett vart målt til å vera 106,6% effektivt. Dette betyr at me er 6,6% meir effektiv enn snittet av nettselskapa i Noreg. Kundane drar fordel av dette i form av lågare nettleige. Om me driv effektivt, betyr det at me har lågare kostnader enn det ein hadde hatt om ein dreiv mindre effektivt. Det er og positivt for selskapet å drive effektivt då det gir rom for høgare avkastning på investert kapital. Ein skal likevel passe seg for å berre sjå på desse tala. Like viktig som god effektivitetsmåling er kvaliteten på nettet me byggjer og oppetida som kundane skal oppleve. Då er det kjekt at me ikkje har sett noko negativ utvikling på dette feltet og framleis er blant dei 10 beste nettselskap når det gjeld å halde talet på avbrot pr. sluttbrukar nede.

Verda står og oppe i ei tid med stor uvisse. Blant anna har trusselvurderinga endra seg til at det er sannsynleg med aksjonar mot kraftbransjen på norsk jord. Me lyttar til styresmaktene og tilpassar oss dei råda me får. Det er likevel vanskeleg å sikre seg mot alle tenkelege hendingar. Me håpar at verdsleiarane klarar å roe situasjonen og at me

kan ha eit velfungerande verdssamfunn med samhandel på tvers av land og kontinent. Det vil uansett årsak, vera smart å tenkje eigenberedskap og korleis ein sjølv kan klare seg utan straum i ein lengre periode.

Me går med andre ord ei spennande tid i møte, der manko på straum er og blir den store saka. Finnås Kraftlag vil gjere sitt beste for at kundane på Bømlø ikkje skal bli hemma av denne situasjonen, men er avhengige av støtte frå både sentrale politikarar, eigarar, kommune, grunneigarar, næringsliv og innbyggjarar for å lykkast med dette arbeidet.

Til slutt vil eg takka tilsette, styret, kundar, medlemmer, samarbeidspartnarar og leverandørar for eit godt samarbeid i 2024.

Me e' der når nåke skjer!

Tor Bjarne Smedsrud
Administrerende direktør

Nøkkeltal

(Alle tal NOK 1000)

Finnås Kraftlag SA (Konsern)

Nøkkeltal Konsernet Finnås Kraftlag SA	2024	2023	2022	2021
Driftsinntekter	236 823	260 742	363 993	237 954
Driftsresultat	30 378	31 595	-2 162	17 149
Finansresultat	52 953	45 678	42 823	24 067
herav utbytte Haugaland Kraft	48 089	43 194	46 074	22 865
Resultat før skatt	83 331	77 273	40 661	41 216
Skatt	7 941	8037	2308	1 609
Årsresultat	75 390	69 236	38 354	39 607
Kjøpsutbytte	24 500	24 000	13 500	12 500
Allmennyttige gaver	2 756	2 352	2 333	3 096
Medlemmer	4 326	4095	3988	3 775
Antal tilsette pr 31.12, totalt	32	30	34	33
Antal lærlingar (herav)	3	2	3	2
Fråværsprosent	3,0 %	5 %	4 %	4,1 %
Pensjonskostnad inkl. aga og adm.kost	4 233	3 846	4 499	4 279
Netto balanseført pensjonsforplikting e.aga	799	1 241	2 861	1 847
Personalkostnad, brutto før aktivering	22 393	30 189	31 844	28 697
Investeringar totalt for konsernet	26 683	33 535	20 453	23 441
Totalkapital	1 165	1 109 669	1 120 097	1 087 804
Eigenkapital	1 067	1 018 898	975 977	953 382
Eigenkapitalandel	92 %	92 %	87 %	88 %
Gjeld til kredittinstitusjonar	-	-	51 158	59 211

Finnås Kraftlag AS (Marknad)

Nøkkeltal Finnås Kraftlag AS	2024	2023	2022	2021
Driftsinntekter	143 452	182 140	270 621	160 613
Driftsresultat	8 093	7 941	-7 925	9 869
Årsresultat etter skatt	6 264	4 688	-10 038	7 735
Antal tilsette, totalt	7	7	9	8
Lærling (herav)	1	1	1	0
Pensjonskostnad inkl. aga og adm.kost	839	898	1 003	957
Netto balanseført pensjonsforplikting e.aga	779	727	695	309
Sjukefråvær	6,6 %	5,6 %	6,5 %	3,2 %
Personalkostnad	6 699	6 530	6 888	6 628
Breibandskundar (Privat)	5 720	5 667	5 521	5 481
Breibandskundar (Bedrift)	216	216	264	232
Fiberoppkoplingar	129	126	143	216
Fiberkablar (km)	939	920	909	903
Nodar	18	18	18	18
Antall Straumkundar	7 147	7 103	6 971	6 897
Marknadsandel antall kundar	79,2 %	79,5 %	78,8 %	78,5 %
Kraftsal eigne kundar (GWh) ¹	120,4	114,4	111,4	134,4
Marknadsandel volum ²	71,7 %	71,0 %	73 %	75,6 %
Snitt straumpris inkl. påslag og mva ³	77,7	118,0	270,0	100,0
Investeringar	8 513	8 131	6 238	9 189

1) Fra 2020 er ikkje leveringsplikt inkl. i volum kraftsal då dette tilhøyrer nettselskapet

2) Gj.snitt for 2021 var 75,6%, men utgang desember var tallet 71,4%

3) Finnås Kraftlag gjennomsnitt, ikkje forbruksvekta. Pris før kompensasjon

Bømlo Kraftnett AS (Nett og veglys)

Nøkkeltal Bømlo Kraftnett	2024	2023	2022	2021
Driftsinntekter	96 970	82 128	100 253	80 666
Driftsresultat Bømlo Kraftnett	24 993	24 124	6 005	6 758
Årsresultat etter skatt	20 113	19 767	5 015	5 298
Nettramme frå NVE	61 437	64 505	66 470	49 158
Kostnad overliggende nett	25 246	9 841	37 050	28 977
Tillatt inntekt (nettleieinntekt)	90 668	77 011	103 205	77 858
Flaskehalsinntekter frå Statnett	1 813	5 572	14 008	
Meir (+) Mindre (-) inntekt	-1 845	16 158	-20 503	-2 391
Avskrivning mindreinntekt	0	0	12 000	2 427
Akkumulert meir(+) -mindreinntekt(-)	687	2 695	-13 474	-4 747
KILE kostnad	472	535	566	1312
Nettleie hushaldning øre/kWh (ink avgifter) ¹	78,03	73,58	69,28	69,38
Innmata energi (GWh)	174,9	167,9	160,2	186,3
Målt forbruk sluttkunde (GWh)	168,0	161,2	153,6	177,8
Nettap (GWh)	6,9	6,7	6,7	8,4
Max Effektuttak	38,5	36,4	33,2	44,5
Nettkundar (målepunkt)	9 022	8938	8842	8784
Plusskundar	179	171	89	17
Transformatorar	364	361	363	350
Nettstasjonar	340	337	334	328
HS luftlinjer (km)	117,9	119,1	115,1	115,3
HS jordkabel (km)	140,7	140,8	140,4	139,2
HS sjøkabel (km)	8,8	10,3	10,1	10,1
Antal tilsette pr. 31.12	16	15	16	18
Lærlingar (herav)	1	1	1	2
Pensjonskostnad inkl. aga og adm.kost	2 089	2 016	2 476	2 422
Netto balanseført pensjonsforplikting e.aga	- 886	- 558	461	47
Sjukefråvær	0,9 %	1,7 %	2,5 %	4,9 %
Personalkostnad ²	15 497	15 333	16 248	15 008
Investeringar (både egen- og anleggsbidragfin.)	23 797	25 193	14 215	14 215
Avskrivningstid nettanlegg (år)	30-55	30-55	30-55	30-55
Avkastningsgrunnlag	254 628	246 956	243 054	242 987
Avkastning før avskrivning av inntektsramme	9,8 %	9,8 %	7,4 %	3,7 %
Avkastning etter avskrivning av mindreinntekt ³	9,8 %	9,8 %	2,4 %	2,7 %

1) Etter 2024 NVE statistikk 20.000 kWh snitt av 12 mnd

2) Kostnader innleige personell frå andre selskap i konsernet, kjem som driftskostnad etter 2020

3) Ingen avskrivning av mindreinntekt i 2020, 2023 og 2024



Nydeleg morgon på Rolvsnes, foto Tove Lise Aasheim

Styrets årsmelding

Konsernet si verksemd

Finnås Kraftlag er lokalisert i Bømlo kommune og organisert som eit SA. Samvirket eig i selskap som driv med kraftomsetting, nettdrift, telekommunikasjon og produksjon. Selskapet vert leia av eit styre valt av årsmøte. Årsmøte er ope for alle medlemmane i selskapet. Den daglege leiinga vert ivareteke av administrerande direktør, som rapporterer til styret. Selskapet utfører økonomitenester, kundeservice og marknadsarbeid for dotterselskapa.

Føremål


Finnås Kraftlag SA er eit allmennyttig samvirke med skiftande medlemstal og kapital.

Føremålet til selskapet er å:

- Fremja interessene til innbyggjarar og verksemdar i konsesjonsområdet.
- Eiga, byggja og driva anlegg for energiforsyning, omsetja elektrisk energi, produsera energi eller delta som eigar i produksjonsanlegg.
- Eiga, byggja og driva breibandnett og andre elektroniske kommunikasjonsløyningar.
- Driva, yta midlar til eller delta i anna verksemd med naturleg tilknytning til føremålet.
- Delta i tiltak med allmennyttige føremål i kraftlaget sitt konsesjonsområde og yta gåver til tiltak med allmennyttige føremål i konsesjonsområdet.

Medlemstal

Pr. 31.12.2024 har Finnås Kraftlag 4326 registrerte medlemmer.



Ikkje innløyste partar

Pr. 31.12.2024 er det partar med ein samla verdi på om lag MNOK 3,83. som framleis ikkje er innløyst.


Eigarskap i andre

Selskapet Finnås Kraftlag SA er mor i konsernet og eig 100% av nettselskapet Bømlo Kraftnett AS og 100% av marknadsselskapet Finnås Kraftlag AS. I tillegg eig selskapet 9,53% av Haugaland Kraft AS. Haugaland Kraft eig 0,66% av eigne aksjar og Finnås Kraftlag har difor 9,6% av stemmene.

Medlemskap i organisasjonar

Finnås Kraftlag SA er medlem i Samfunnsbedriftene, Fornybar Norge, Opplæringskontoret HSO, Bømlo opplæringskontor og Bømlo Næringsråd.

Organisasjon



Leiargruppa

Leiargruppa i Finnås Kraftlag er samansett av dagleg leiar, avdelingsleiarar og HMS- og kvalitetskoordinator.



Tor Bjarne Smedsrud
Administrerende direktør
Finnås Kraftlag SA



Bente Steinsland
Administrasjon- og marknadssjef
Nestleiar
Finnås Kraftlag SA



Christine Schei Alfredsen
Økonomi- og HR sjef
Finnås Kraftlag SA



Ståle Mæland
Avdelingsleiar Nett
Bømlo Kraftnett AS



Anders Engevik
Avdelingsleiar Breiband
Finnås Kraftlag AS



Rune Nesse
HMS- og kvalitetskoordinator
Bømlo Kraftnett AS

Styret

Styret består av sju medlemmer og to observatørar. Seks av medlemmane er valt av årsmøtet og eit av dei tilsette. Bømlo Kommune og dei tilsette har ein fast observatør kvar. Styret er gjennomgåande og difor likt i Bømlo Kraftnett AS og Finnås Kraftlag AS.



Torleiv Fylkesnes
Styreleiar



Vermund Hjelland
Nestleiar



Signe Lund Jansen
Styremedlem



Jorunn Jacobsen Folgerø-Holm
Styremedlem



Nina Ingvaldsen
Styremedlem



Geir Ivar Ådnanes
Styremedlem



Johnny Rolfsnes
Styremedlem
Valt av dei tilsette



Morten Helland
Observatør
Bømlo kommune



Thomas Vespestad
Observatør
Valt av dei tilsette

Vararepresentantar

- | | |
|----------------|-------------------------------|
| 1. varamedlem: | Øystein Våge |
| 2. varamedlem: | Malin Ölander Rolfsnes |
| 3. varamedlem: | Aud Gunn Løklingholm |

- | | |
|---------------------------------|-----------------------------|
| 1.vara tilsettere representant: | Rune Nesse |
| 2.vara tilsettere representant: | Tove Lise A. Aasheim |
| Vara kommunen sin observatør : | Ragnfrid Sønstabø |

Styreansvarsforsikring

Det er teikna styreansvarsforsikring for konsernet Finnås Kraftlag SA. Forsikringa inkluderer alle noverande og eventuelt framtidige selskap i konsernet. Forsikringa gjeld for alle styremedlemmer, administrerande direktør og leiinga i alle selskap i konsernet.

Forsikringsdekning

Forsikringsdekninga er på NOK 10.000.000 per skade og totalt i løpet av forsikringsperioda som er 12 månadar.

Valnemnd

Leiar:	Oddgeir Alvsvåg
Medlem:	Idar Larsen
Medlem:	Jannicke Gjerdevik
Medlem:	Selma Karin Vestvik
Medlem:	Torhild Taraldsøy

Revisjon

Deloitte AS
Lars Hilles gate 30
Pb 6013 Postterminalen
5892 Bergen



Visjon og verdier

Me e' der når nåke skjer!

Finnås Kraftlag syter for ei sikker og stabil straumforsyning og gode breibandtenester til alle i konsesjonsområdet. Dette kan me gjera med eit høgt servicenivå fordi me har kompetanse, infrastruktur og tilsette som er ein del av lokalsamfunnet. Ein viktig del av vårt eksistensgrunnlag er at me skal vera ein solid og aktiv bidragsytar til samfunnsutviklinga på Bømlo.

Våre verdier:

Finnås Kraftlag skal vera:

- Servicevennlege
- Offensive
- Rettskafne
- Dyktige

Gjennom lokalt eigarskap og lokalisering har Finnås Kraftlag ein sterk posisjon i befolkninga og hos kundane. Selskapet har eit godt omdømme og skårar høgt på kundeundersøkingar.

Bømlo Kraftnett AS

Bømlo Kraftnett AS eig og driftar distribusjonsnettet i konsesjonsområdet. Selskapet eig kontor- og lagerbygningane i Hollundsdaalen 1. Det er og Bømlo Kraftnett som eig stasjonsbygningane der Fagne sine hovudtrafoar for forsyning av øya er plassert. Bømlo Kraftnett har og eigarskapet og driftsansvaret for alle veglysa på Bømlo utanom dei som er eigd og drifta av Fylkeskommunen. Veglysa vert drifta på Bømlo kommune og private sin kostnad.

Nettselskapet sitt eigarskap i andre

Bømlo Kraftnett med sine 1,062% er ein av 16 eigarar i driftsselskapet Validør AS, som er oppretta for å stå for innsamling av måleverdiar ved innføring av AMS.

Saman med 28 andre nettselskap eig me i Nettalliansen AS. Dette er eit samarbeid mellom nettselskap om fellestenester/innkjøp. Vår aksje utgjør 2,041% av selskapet.

Bømlo Kraftnett AS eig ei aksje i Elbits AS. Elbits skal arbeide for at nettbransjen får digitale system som gjer samhandling på tvers av selskapa betre. Eit av måla er at det skal lagast ein digital database av nettet på tvers av selskapa. I dag finnes det ikkje ein slik base som til ei kvar tid er oppdatert.

Bømlo Kraftnett eig og 7/2500 av eit beredskapslager for sjøkabel lokalisert på Stord. Dette er organisert gjennom REN.



Fiberen skal fram uansett vær



Stand på utdanningsmesse

Niklas Rasmussen, nyleg lærling i Bømlo Kraftnett fortalde om sin veg til jobb der.

Finnås Kraftlag AS

Finnås Kraftlag AS driv med kraftomsetting, breibandtenester og sal og installasjon av heimeladarar og solceller i konsesjonsområdet. Finnås Kraftlag AS er medpartner av Haugaland Kraft Fiber og leverer innhaldstenester frå Altibox. Selskapet har og eigne produkt/leveransar relatert til fiber utanfor Altibox samarbeidet. Selskapet har høg marknadsandel både innan straum og breiband.

Vidare drift

Rekneskapen er sett opp under føresetnad av vidare drift. Innteninga er god og eigenkapitalen er høg. Styret stadfester at denne føresetnaden ligg fast.



Sommarjobb hos Kraftlaget: Marius Våge og Anna Nesse

Arbeidsmiljø

Ved årsskiftet har Finnås Kraftlag totalt 32 tilsette i konsernet, fordelt på 28 faste stillingar, 1 midlertidig tilsett og 3 lærlingar. I morselskapet var det ved årsskiftet totalt 8 tilsette.

Fråværsprosent totalt for konsern: 3,0%

Fråværsprosent morselskap: 4,3%

Finnås Kraftlag har tatt i bruk eit nytt system for registrering av avvik og forbetningsmeldingar. Totalt vart det registrert 56 avvik og 7 forbetningsforslag. Seks avvik er registrert som personskade. Fire av desse var relatert til kutt og klemskader. Me testar i desse dagar ut kutthanskar som eit av fleire tiltak.

HMS-utvalet er godt etablert og arbeidar systematisk med HMS-arbeid i bedrifta.

Me har eit godt samarbeid med Ysst HMS-senter som støttar oss med mange av dei lovpålagde HMS-funksjonane. I 2024 har me holdt fram med både turar på lokale stiar og meir organiserte aktivitetar som Bowling m.m. Dette vil me halde fram med på fast basis.

Oppgradering av våre lokale er og eit ledd i å gjere tilhøva for dei tilsette betre og meir tilpassa bruken. Me har nå fått gode og moderne garderober og kontorfasilitetar for lang tid framover.

Likestilling og diskriminering

Finnås Kraftlag har som målsetting at alle skal handsamast likt og at ingen arbeidstakarar skal oppleve diskriminering. Me skal likebehandle tilsette og kundar uavhengig av kjønn, religion eller legning.

I 2024 er det to menn som har nytta foreldrepermisjon. Gjennomsnitt for nytta foreldrepermisjon var 13 veker. Av dei tilsette er 10 kvinner og 22 menn. Me har ved utgangen av 2024 tre lærlingar – to kvinner og ein mann.

I styret er det 3 kvinner og 4 menn. Av årsmøtevalte styremedlemmer er fordelinga 50/50.

Midlertidig tilsette

Ved utgangen av 2024 var det 1 midlertidig tilsett i konsernet.



Nydeleg helg på personaltur til vakre Hardanger

Deltidsstillinger

Det stort sett nytta 100% stillingsstorleik i selskapet. Det er likevel nokre tilsette som arbeidar i andre stillingsstorleikar.

Ytre miljø

Våre verksemdar er viktige brikkar i arbeidet med å etablere fornybare samfunn, men me kjem ikkje unna at me påverkar miljøet rundt oss. Finnås Kraftlag er oppteken av å ta vare på det ytre miljøet i samband med fornying og bygging av infrastruktur. Me søker å finna løysingar som er mest mogleg estetisk, og vel ofte kabelgrøfter der dette er økonomisk forsvarleg. Kraftlinjene våre er synlege i terrenget og må ryddast for uønskt vegetasjon. Ved skogrydding forsøker me å kviste og rydde på innmark. Det meste av greiner blir kverna opp og ført tilbake til naturen.

Kraftlaget har etablert faste rutinar for avfallshandtering, med kjeldesortering av papir, transformatorar, elektrisk utstyr, oljeavfall, kabel- og leidningsrestar, trevirke, batteri, datautstyr, osv. Alle anleggsområda vert rydda for alt materiell etter at arbeida er avslutta. Om me kjem over gammalt avfall frå tidlegare aktivitetar i vår regi, skal me rydde opp i dette.

Krafttransformatorar inneheld olje. Ved havari på transformatorar kan det skje lekkasje frå transformatoren. Transformatorar som står i nettstasjonsbygg har oppsamlingskar under seg for å fange opp slik lekkasje, medan lekkasje frå trafoar i mastearrangement kan hamne i naturen. Me har ikkje hatt hendingar med utslipp til naturen i 2024.

Bømlo Kraftnett har fleire brytaranlegg som er isolert med Sf6 gass. Sf6 gass er ein såkalla drivhusgass som har ein CO2 ekvivalent på 23 500/kg. Det er viktig å ta med seg at det er sjeldan utslipp av denne typen gass. Det finnes ny teknologi som gjer at ein kan byggje kompakte brytaranlegg som er luftisolerte. Teknologien har fram til no vore svært mykje dyrare enn Sf6 anlegg og me har til no ikkje tatt denne teknologien i bruk. Det vil vera eit mål å ta i bruk denne type teknologi når kostnadsforskjellen minkar.

Frå og med 27. oktober 2023 var det ikkje lovleg å omsette kreosotstolpar i Noreg. Me har ikkje kjøpt inn slike stolpar etter denne datoen og vil når lageret er tomt måtte nytte stolpar med anna impregnering eller oppbygging. Me er med å finansierer eit forskingsprosjekt i regi av REN som har som mål å finne fram til gode alternativ for framtida. Deler av prosjektet skjer på Austevoll. Der er 80 ulike stolpar på 4m er grove ned og skal stå i perioden 2018-2038.



Alexandra Lakowska får overrakt blomehelsing etter å ha gjennomført fagprøven som Telekommunikasjons-montør februar 2025.



Langtidstest av alternativ til kreosotstolpar på Austevoll

Ved kjøp av nye bilar skal me alltid vurdere om det finnes elektriske alternativ som kan løyse oppgåva. Fram til no har det vore vanskeleg å skaffe elektriske varebilar som har hatt tilfredsstillande rekkevidde og trekk på alle hjula. Dette er i ferd med å endre seg, men då viser det seg at lastekapasiteten blir problematisk. Utstyret som blir brukt i elverksbransjen veg relativt mykje, og bilane må difor ha god lastekapasitet.



Vår elektriske bilpark

Etikk og samfunnsansvar

Finnås Kraftlag tar i høgste grad samfunnsansvar. Heile selskapet er tufta på at ein skal arbeide til beste for samfunnet på Bømlo. Årleg deler ein ut gåver til frivillige lag og organisasjonar på fleire millionar kroner. Dei siste 20 åra har Finnås Kraftlag støtta Bømlo-samfunnet med omlag kr. 60 mill. til allmennyttige føremål.

Frå 2021 har selskapet delt ut eit ungdomsstipend. Stipendet er på kr. 25.000,- og kan delast ut til ein ungdom som har utmerka seg på nasjonalt eller internasjonalt nivå. Vinnaren i 2024 vart Sarina Norzairin Seljeskog som har utmerka seg innan symjing. Ho var ranka som nr. 1 i Noreg på distansen 200m rygg, og har hevda seg i toppen i fleire andre distansar og øvelsar.

Finnås Kraftlag har i fleire år hatt ein større sponsoravtale med Bømlo Teater og Bømlo Næringsråd og fleire mindre sponsoravtalar med ulike lag rundt om på øya.

Selskapet legg og igjen mykje midlar lokalt i form av kjøp av materiell, tenester, skatt og avgifter til kommunen.

Selskapet har vektlagt gode verdiar og brukar dette aktivt i sitt haldningsskapande arbeid både internt og eksternt.

Eit anna eksempel på vårt samfunnsansvar er gåva me gav til Moster grendelag og deira prosjekt med opprusting av stien opp til Vetahaugen. Å oppleve 1000-årsjubileet og mengda menneske som fekk glede av det flotte anlegget gjorde inntrykk. Her har mange lagt ned ein god innsats for å få anlegget klart til jubileet. Utan gåva frå Finnås Kraftlag, hadde ikkje dette prosjektet latt seg realisere.



Sarina Norzairin Seljeskog mottok prisen i 2024 Foto Bømlo-nytt



Me er med i eit innkjøpssamarbeid med Nettalliansen, og desse har innarbeida rutinar for å etterleve openheitslova ved sine innkjøp og samarbeid med leverandørar. Generelt er norsk arbeidsliv langt framme når det gjeld krav til medverknad og anstendige arbeidsforhold. Arbeidsmiljølova har klare krav og anbefalingar til korleis ein skal få til eit godt arbeidsmiljø for dei tilsette. Finnås Kraftlag har laga sin eigen dokumentasjon for arbeidet rundt openheitslova som vert gjort tilgjengeleg på vår nettside under menyen «Om oss» og «Openheitslova».

Årsrekneskap

Finnås Kraftlag-konsernet hadde i 2024 ei omsetning på MNOK 237 mot MNOK 261 i 2023. Driftsresultat vart MNOK 30,3 og årsresultat etter skatt vart MNOK 75,4. Tilsvarende tal for 2023 var MNOK 31,6 og MNOK 69,2.

Morselskapet Finnås Kraftlag SA hadde i 2024 ei omsetning på MNOK 11,6 mot MNOK 12,3 i 2023. Resultat for 2024 vart MNOK 68,4 mot MNOK 63,9 i 2023.

Finnås Kraftlag SA har eit finansresultat på MNOK 77,2. Selskapet har mottatt MNOK 48,1 i utbytte frå Haugaland Kraft. Det høge utbyttet kjem av dei ekstreme kraftprisane frå 2022, som har etablert eit høgare straumprisinivå i 2023 og 2024. Dette har gitt eit svært godt resultat frå kraftproduksjon, som Haugaland Kraft har eigarskap i.

Reduksjon i omsetning er grunna lågare kraftprisar i 2024 samanlikna med 2023, i tillegg til nedgang i sal av solceller. Overføringsinntekter har samstundes auka samanlikna med fjoråret, i tillegg til at inntekter for breiband har auka noko.

Det er sett av MNOK 24,5 til kjøpsutbyte til medlemmane og MNOK 2,76 til allmennyttige gåver.

Totalkapitalen for konsernet var ved utgangen av året MNOK 1 165. Eigenkapitalen var MNOK 1 067. Dette gir ein solid eigenkapitalandel for konsernet på 91,6%.

Framtidig utvikling

Mykje godt arbeid er gjort av dei som har drifta og styrt Finnås Kraftlag opp gjennom åra. Å ta vare på og forvalte verdiane er difor eit viktig oppdrag for oss som er sett til denne oppgåva. Eit mykje brukt ordtak er at det ein vil skal vara evig, må ein endre. For at selskapa i Finnås Kraftlag skal vera like aktuelle og solide i framtida må ein heile tida følgje med i tida og finne gode måtar å drifte selskapet og forvalte verdiane på. Finnås Kraftlag er difor aktivt med i ulike FOU prosjekt. (Forsking og utvikling) Ofte skjer slike prosjekt i samarbeid med andre. Dette kan vera Nettalliansen, Fornybar Norge eller meir lokale selskap som eksempelvis Enlink på Stord. Å tilby kundane ein moderne og aktuell APP er eit anna eksempel. Å ta i bruk kunstig intelligens (KI) vil og kunne vera til god hjelp. Utviklinga skjer raskt og den som ikkje klarer å følgje utviklinga vil raskt bli hengande etter. Det er likevel viktig at ein ikkje gløymer historia og kva samfunnsoppdrag ein er sett til å løyse. Å hente ut meir kapasitet frå eksisterande straumnett blir viktig framover. Arbeidet som er lagt ned i vår kraftrapport har gitt oss nyttig kunnskap. Denne kunnskapen bruker me nå aktivt i arbeidet med å skaffe regionen meir tilgang på kraft og nett. Her kan nye teknologiar som batteri eller smart straumstyring spele ei rolle. Selskapet ELBITS som Bømlo Kraftnett er eigar i, har starta på eit digitaliseringsprosjekt som skal gjere samhandling mellom ulike nettselskap og nettnivå enklare. Me håpar dette arbeidet kan effektivisere tilknytingsprosessar som tar alt for lang tid i dag. *EVA smart strømstyring* er eit anna eksempel på at små tiltak i kvar enkelt heim, kan bli merkbare når berre nok hushandar tar ordninga i bruk.



Stian Ytrøy i stolpen

Ved å delta på mange slike små enkeltstående prosjekt håpar me at Finnås Kraftlag framleis vil vera ein viktig aktør til beste for Bømlo-samfunnet i lang tid framover.

Eit anna utviklingstrekk er auka kostnader. Dette skjer både i eige selskap, men hos våre leverandørar. Med alle dei store investeringane som ligg føre både i eige nett, men spesielt i regional- og sentralnettet, forventar me ein relativt stor auke i nettleiga framover. Me håpar politikarane gjer grep som å fjerne moms på nettleige eller andre tilpassingar slik at kundane ikkje skal ta heile denne auken på seg.

Finansiell risiko

Finnås Kraftlag har investert ein mindre del av verdiane i langsiktige fond og aksjar. Det er låg risikoprofil på investeringane og derav låg finansiell risiko. Finnås Kraftlag er og ein stor eigar i Haugaland Kraft AS og ser at det er ei viktig oppgåve å forvalte dette eigarskapet på ein god måte. Den største finansielle risikoen ved dette eigarskapet er reduserte straumprisar, lågare marginar i breibandsmarknaden, opning av fibernettet for andre aktørar og politiske vedtak rundt skattelegging av produksjon. Haugaland Kraft har og investert store beløp i oppkjøpet av Midtfjellet vindpark. Dette aukar risikoen opp mot straumprisen ytterlegare.

I den daglege drifta er ein eksponert for noko finansiell risiko knytt til konkursar, renterisiko, rentefrie nedbetalingsordningar, kundefordringar og finansielle kraftkontraktar. Selskapet møter risiko for manglande oppgjør frå kundar med tett oppfølging via gode rutinar for betalingsoppfølging, kredittvurdering og bruk av inkassotenester. Høg kraftpris gjer at kundefordringene aukar og ein risikerer såleis også større tap på uteståande ved konkursar.

Selskapet har god likviditet og har ikkje gjeld til kredittinstitusjonar. Ein har også reserve gjennom fond som kan realiserast om nødvendig. Basert på Finnås Kraftlag sin sterke finansielle posisjon, selskapet sine viktige og samfunnskritiske produkt, og uttale frå vår bank vurderer ein Finnås Kraftlag sin refinansieringsrisiko som svært låg.



Nydeleg vinterdag på Mælendsåta

Marknadsrisiko

Finnås Kraftlag SA eig Bømlo Kraftnett som er ei monopolverksemd. Her er det liten risiko relatert til marknaden, men energisparande tiltak som varmepumper, isolering og solcellepanel kan medføre ein nedgang i volum. Dette betyr at kostnaden pr. levert kWh kan auke for kundane. I tillegg er det risiko knytt til ikkje varsla framtidige endringar i reguleringa av bransjen.

For Finnås Kraftlag AS er det konkurranse om straum, TV og breibandskundar. Auka konkurranse frå 5G og andre aktørar kan medføre at marginane må ned og at ein mistar kundar. Me skårar høgt på kundetilfredsheitsundersøkingar og har høg marknadsandel blant aktuelle kundar på Bømlo. Vårt kraftprodukt Spot-On-Bømlo har eit fast påslag og vår inntening vert ikkje påverka av straumprisane. Produktet har konkurransedyktige prisar og risikoen er først og fremst knytt til reduksjon i volum og kundar.



Stand under open dag på Bømlo vidaregåande skule avd. Rubbestadneset

Disponering av resultat

Overskot for morselskap i 2024 er kr 68 409 917. Overskot for konsernet er kr 75 389 715.
For alle gåvetildelingane gjeld fylgjande

Disponering av årsresultat	kr 75 389 715
Gåver til almennyttige føremål	kr 2 756 000
Avsett til nettutbyggingsfond	kr 5 000 000
Avsette til annen egenkapital	kr 43 133 715
Utdeling av kjøpsutbytte til medlemmer ¹	kr 24 500 000
SUM Disponeringar	kr 75 389 715

¹ Kjøpsutbytte vert fordelt etter medlemmene si omsetting med kraftlaget gjennom 2024.

Styret foreslår at fylgjande allmennyttige gåver vert gitt:

Gåvefond disponert av styre	kr 2 000 000
Gåve Bremnes idrettslag	kr 353 000
Gåve Bømlo idrettslag	kr 77 000
Gåve Bømlo kulturhus	kr 187 000
Gåve Bømlo Røde Kors Hjelpekorps	kr 91 000
Gåve Moster idrettslag	kr 48 000
Sum Gåver	kr 2 756 000



Ønske om Sauna i Langevåg



Klubbhus under oppføring


For alle gåvetildelingane gjeld følgjande: Før beløpet vert utbetalt må søkjar ha gjort formelt vedtak om igangsetting av prosjektet, og det faktiske arbeidet må vera kome i gong. I tillegg må det liggja føre bindande finansieringsplan med tilsegn. 50% av stønadsbeløpet vert utbetalt ved anleggstart , og resten når anleggsrekneskap er lagt fram.

Bremnes 07.05.2025


Torleiv Fylkesnes
Styreleiar

For Finnås kraftlag SA

Vermund Hjølland
Nestleiar


Signe Lund Jansen
Styremedlem


Nina Ingvaldsen
Styremedlem


Geir Ivar Ådnanes
Styremedlem


Johnny Rolfsnes
Styremedlem


Jorunn Jacobsen Folgerø-Holm
Styremedlem


Tor Bjarne Smedsrud
Administrerende direktør

Kort om drifta i 2024

Finnås Kraftlag SA

Det er morselskapet som leverer økonomi og administrative tenester til dei andre selskapa i konsernet. Etter at selskapet vart organisert som eit konsern har oppgåvemengda auka. Budsjett, rapportering, løn og fakturahandtering må no utførast for tre selskap. For å auka kapasiteten har me gjort nokre grep ved å tilsette ein ny person og splitte opp i to avdelingar som er meir reinspikka fordelt på profesjonane økonomi og kundehandtering/marknad.

Det er totalt 8 tilsette i morselskapet og sjukefråværet vart i 2024 4,3% (2023 10,3%). For heile konsernet er sjukefråværet på 3% (4,8%)

Det er morselskapet som stort sett driftar Facebook- og nettsidene til konsernet. Kundane sett pris på den gode servicen som vert levert og me får ofte gode tilbakemeldingar på vårt kommunikasjonsarbeid. Oppgåver som HMS, beredskap og IT-tenester er og felles for heile konsernet, men vert kjøpt inn som tenester levert av dotterselskapa Bømlo Kraftnett AS og Finnås Kraftlag AS.

Bømlo Kraftnett AS

Personale

Det er totalt 16 tilsette i Bømlo Kraftnett. Av desse er ingen kvinner. Sjukefråværet i 2024 var lågt med sine 0,9% (1,8 %).

Eigedomar

Administrasjonsbygg med lager, garasje, kaldt lager/stolpelager og carport, med ei samla grunnflate på 3077 m².

Tomta er på omlag 12 da. med omlag 2 da. grøntanlegg.

Ekornsæter stasjon

Stasjonsbygget er på 117m² og utstyrt med 6 stk. 22 kV brytarfelt for utgåande linjer. Stasjonen er tilknytt fjernkontrollsystem. Deler av anlegget er eigd av Haugaland Kraft.

Børøysund stasjon

Stasjonsbygget, med 3 utgåande effektbrytarfelt, stasjonstransformator og målefeldt med meir, er på 150 m², inklusiv kontrollrom og hjelpeanlegg. Tomta er på 2 da. Deler av anlegget er eigd av Haugaland Kraft.

Nettstasjonar:

Ved utgangen av året hadde Bømlo Kraftnett 361 fordelingstransformatorar i drift, med samla yting 104 352 kVA. Transformatorane er plasserte i 337 nettstasjonar.

Høgspennett:

Ved slutten av året består nettet av:

- 119 km luftlinjer (inkl. kablar i luft)
- 140,9 km jord- og 11 km sjøkablar.

FAKTA DISTRIBUSJONSNETT 2024

Tal i parentes gjeld 2023

22kV:

Luftleidning: 113,4 km (113,5)

Hengekabel: 4,5 km (4,5)

Sjøkablar: 8,8 km (8,1)

Jordkablar: 140,7 km (140,6)

Nettstasjonar: 340 (337)

Transformatorar: 364 (361)

Trafokapasitet: 104 472 kVA (104 352)

5kV:

Luftlinjer: 1,1 km (1,1)

Sjøkablar: 2,2 km (2,2)

Jordkablar: 0,2 km (0,2)

<1kV:

Luftlinjer: 329,9 km (335,7)

Jordkablar: 339,2 km (343,4)

Sjøkablar: 4,5 km (4,2)

Veglys luft: 39,4 km (51,9)

Veglys kabel: 38,0 km (21,1)

Nettkundar: 9 022 stk. (8 938)



Plusskundar: 179 stk. (171)

Nettleige


Bømlo Kraftnett si tillatne inntekt i 2024 var kr. 90,67 mill. (77,01 mill.). Faktisk inntekt blei kr. 88,82 mill. (93,17 mill.). og dette medførte ei mindreinntekt på kr. 1,85 mill. mot ei meirinntekt på kr. 16,16 i 2023. Totalt har selskapet ved årskiftet kr. 0,69 mill. i akkumulert meirinntekt.

Å halde nettleiga lågast mogleg er eit viktig oppdrag for Bømlo Kraftnett. Selskapet er målt til ein effektivitet på 106,27%. Dette betyr at kundane får tenesta utført til ein lågare kostnad enn det eit gjennomsnittleg nettselskap ville ha brukt. Pengane ein tar inn frå kundane fordelast på fleire aktørar. Normalt går 1/3 av inntektene til Bømlo Kraftnett. Resten vert sendt vidare til Fagne/Statnett og staten i form av avgifter og moms. Frå 2024 har både Statnett og Fagne sett opp tariffen samanlikna med 2023, men totalkostnaden til overliggande nett er likevel lågare enn den var i både 2021 og 2022. Dette kjem av at det er innført midlertidig regelverk om maksimal straumpris i energileddet til overliggande nett. Statnett har i tillegg betalt tilbake noko av deira flaskehalsinntekter tilbake til nettselskapa i vårt prisområde. På grunn av dette var det ikkje nødvendig å auke Bømlo Kraftnett sin tariff i 2024. Kostnaden for tap av straum ved overføring har framleis vore høg, men er likevel under 2021 nivå.


Nettleiga for ein eksempelkunde B i RME sin nettleigestatistikk, vart i 2024 78,03 øre/kWh, inkl. el-avgift, Enova avgift og mva.




Energiuttak



I 2024 følgde forbruket ei relativt normalkurve, men med litt høgare forbruk i sommarmånadane. Me hamna til slutt på eit årsforbruk på 174,9 GWh. Dette er likevel lågare samanlikna med fleire tidlegare år. Årsaka til denne reduksjonen kan i stor grad forklarast med dei høge energiprisane. Fleire kundar har fått eit meir bevisst forhold til energibruk og energisparing. Blant anna har mange investert i energiproduksjon og energireduserande tiltak.



Trenden med redusert effektforbruk held fram sjølv om det gjekk litt opp også i 2024. Den timen i året med høgast forbruk i 2024 vart i time 08 til 09 den 5/1. I den timen var totalt tilført effekt på 38,508 MW/h. Temperaturen spelar ei stor rolle på denne verdien.



Mange Bømlingar har investert i solceller på egne takflater. Å ha lokal produksjon er med på å redusere tapet i nettet. Dette kjem fram på kurva som vist til venstre. Totalt vart det levert i overkant av 1,2 GWh inn på nettet i løpet av 2024. Produksjon til eige forbruk er ikkje med i dette talet.

Nettdrift

Nye veganlegg

I år har det framleis vore prosjektering av nytt anlegg for dei to siste vegstrekningane i Bømlopakken, Moster og Erslandsvegen – Børøyvegen. Prosjektet på Moster er godt i gang med kabellegging og omlegging av anlegg som kjem i vegen for ny veg. Prosjekt Erslandsvegen - Børøyvegen er endeleg i gang, og me har gjort nokre små omleggingar i lågspentnettet for tilkomst for entreprenør.

Auka kapasitet i nettet

Det er framleis restriksjon på tilknyttingar over 1 MW i vårt område som hindrar større tilkoplingar. Me har ikkje hatt forespørslar over 1 MW siste året. Det har nok å gjere med at kundar er klar over situasjonen. Me er likevel oppfordra til å informere kundar om at det er fullt mogleg å søke om tilknyttingar over denne grensa.

Me har fortsett å skifta ut høgspenstmaster punktvis på avgreining Tverborgvik for å sikre leveringstryggleiken.

I tillegg har me oppgradert ein del eldre nettstasjonar i bygg til å tilfredsstille dagens forskriftskrav. Dette er ein jobb som vil gå over fleire år.

Nettstasjon for nytt RAS-anlegg (resirkulerande akvasystem) i Skålevik som vart montert i samband med eit forskningsprosjekt som skulle vare i eitt år, er demontert i lag med høgspentkabel.

Utviding, ombygging og forsterking

- **NS Kvernahaugen:**
Lagt om 2 spenn høgspentlinje til kabel gjennom nytt bustadfelt og etablerte ny nettstasjon for tilkoplingar av opptil 36 bustader.
- **NS Blåkinno:**
Etablert ny nettstasjon for å halde oss innanfor krav i FoL, forskrift om leveringskvalitet. Ny nettstasjon er 400V, og me har derfor bygd om frå tidlegare 230V IT. Blåkinno ligg langs Goddevegen, før bru over til Goddo.
- **NS Stokkneset 2:**
Etablert ny nettstasjon for å ta hand om kapasitetsauken i området, i tillegg til at me får bedre verdiar i nettet.
- **NS Bremnes Seashore:**
Etablert ny nettstasjon for auka kapasitet til nytt bygg i Øklandsvågen.



Kvernerhaugen, Hallaråkervegen



Blåkinno, Goddevegen



Stokkneset 2

- **Kabelanlegg Kvednahaugen – Stavland Vest:**
Skifta ut del av høgspenkabel, 400 meter som var blitt ein flaskehals mellom NS Kvednahaugen og NS Stavland Vest. Dette var med på å sikre straumforsyning fram til Øklandsvågen og Bremnes Seashore.
- **NS Røsslyngvegen:**
Sett i drift ny nettstasjon for nye bustader, Sortland Sør.
- **NS Bømlø Sjukeheim:**
Oppgradert heile nettstasjonen med nytt låg- og høgspentanlegg, der me fekk vekk eit luftisolert og dårleg høgspentanlegg. I tillegg auka me trafokapasiteten slik at den er betre tilpassa behov i trafokrets.
- **NS Røyrvik:**
Her har me igjen sett opp nettstasjon for landstraum ut mot Trettholmsosen. Me har spenningssett tidlegare lagt høgspenkabel frå Katla.
- **NS Rubb Ferjekai:**
Auka trafokapasiteten på 230V frå 200kVA til 315kVA, i samband med tilkopling av ny brakkeleir.
- **NS Eidesvik:**
Auka trafokapasitet i samband med auka behov, frå 100kVA til 200kVA.
- **NS Kattanakkseko:**
Auka trafokapasitet i samband med auka behov, frå 100kVA til 200kVA.
- **NS Anskot:**
Her har me rett og slett måtte flytte nettstasjonen på grunn av at den var feilplassert heilt frå utbygging av nytt felt. Me har prøvd å få dette over på entreprenør og prosjekt frå tidlegare, men det har ikkje latt seg gjere. No står den trygt og godt framover.
NS Bankbrekka:
Skifta høgspentanlegg i nettstasjon for å gjere klar for tilkopling av ny avgang mot ladestasjon parkeringsplass Rema 1000.
- **NS Stavlandsvegen Ladestasjon:**
Sett i drift ny nettstasjon for lading av bilar på parkeringsplassen ved Rema 1000.
- **NS Melkevik:**
Auka trafokapasiteten frå 100kVA til 315kVA i samband med tilknytning av campinghytter.
- **NS Idrettsvegen:**
Auka trafokapasitet frå 630kVA til 800kVA i samband med tilkopling av Øyane Helsehamn.



Fjerna brytaranlegg Bømlø Bu og helsesenter



Nytt brytaranlegg Bømlø Bu og helsesenter



Anskot

Driftsavbrot

I 2024 vart det registrert til saman 7 hendingar som førte til utilsikta driftsavbrot.

1. februar kom den første feilen dette året, og det var ein lup som løsna i avgreiningsmast mot Dåsmyra.

15. mars fekk me trafohavari i NS Klungervik i samband med feil på kabel ved kabelmast Høvringevikjo.

4. juni oppstod det feil på kabel på Geitung. Feilen var på Geitungssiden og på land før kabelmast, så den var grei å fikse.

7. juni var det torevær som førte til trafohavari fleire plassar. Det blei skifta trafoar på NS Bergesvatnet, Olavskulen, Vika og Skipavik (1000V) mot Gissøy.

12. juli skifta me 3 stk. høgsponentsikringar i NS Gåsland grunna rotte som hadde forvilla seg inn i anlegget.

16. november fekk me på ny feil i området Vika. Denne gangen var det avleiarar som var montert med for liten avstand og burde vore unngått.

24. desember løyste vern ut grunna feil på endeavslutning i kabelmast ved Ånavatnet på Goddo. Me la om nettet og kopla kundar over på aggregat og fiksa feilen først 1. juledag.

KILE

Nettselskapa er underlagt ei KILE-ordning. KILE er forkortinga for ei kompensasjonsordning for kostnad med ikkje levert energi, og gir eit bilete av kor mykje avbrot ein har hatt i nettet. I2024 hadde Bømlo Kraftnett ein kilekostnad på kr. 0,472mnok mot kr. 0,593mnok året før.

Kilekostnaden kan fortelja noko, men er ikkje ein fullgod indikator på leveringstryggleik og tilstand i nettet vårt. Til dette nyttar ein primært avbrotindikatorane SAIFI har gått ned frå 0,82 til 0,8, og CAIDI er gått ned frå 77,5 til 49,1. Dette er ein vesentleg reduksjon i tida brukt til oppretting av normal forsyning samanlikna med 2023.

KILE-kostnad:
Bot/kostnad for nettselskapet ved straumutfall

CAIDI:
Gjennomsnittleg tid for oppretting av normal forsyning per avbrot

Spenningskvalitet

Frå 2020 har det vore eit krav at me skal registrere klagar på spenningskvalitet. For Bømlo Kraftnett går desse klagane oftast ut på hendingar i samanheng med straumutfall i nettet. Ved feil som Bømlo Kraftnett ikkje kunne ha forhindra ved normalt vedlikehald og rutinar, vil me som regel ikkje ha noko erstatningsansvar eller krav om utbetring. Om me har gjort noko feil, eller nettet er feil dimensjonert ut frå informasjon gitt ved tilknyting, vil me måtta utbetre nettet og i visse tilfelle kompensere kunden sine utlegg.

Klagesaker leveringskvalitet

Omfang av klagesaker	2020	2021	2022	2023	2024
Leveringspålitelighet og varsling					
Spenningskvalitet	6	2	3	2	5
Annet					1
Totalt	6	2	3	2	6
Spenningskvalitet					
Ingen brudd	4	2	3	1	4
Påvist brudd på én eller flere bestemmelser	2			1	1
Sum spenningskvalitet	6	2	3	2	5

Eigarskap i andre

Bømlo Kraftnett AS har ein eigarpost i Rasjonell Elektrisk Nettvirksomhet (REN). Vidare eig nettselskapet ei aksje i Nettalliansen og ei aksje i Elbits. I tillegg er ein med i Interessefellesskapet for Energiverka i Regionen (IFER), som er ein organisasjon registrert som ein yrkessamanslutning



Øving på berging av skadd kollega fra stolpe



Omkopling fra gammel til ny stolpe

Det lokale el-tilsyn, DLE

Tilsynsåret 2024 har vore hektisk for DLE med stor aktivitet innan elsikkerhetsinformasjon, kontroll av bustadar, fritidshus og verksemder.

Det er totalt registrert 8703 tilsynsobjekt tilhøyrande det lokale el-tilsynet i vårt område.

Sakkyndige selskap og tilsynsaktivitetar

El-tilsynet blei leid inn som sakkyndig selskap og gjennomførte 48 periodiske bustadkontrollar, 15 revisjonar og 23 verifikasjonar i 2024. Dei fleste bustadkontrollane vart gjort om våren, medan revisjonane vart utførte om hausten i ulike næringskategoriar. El-tilsynet stod for om lag 20 % av samla tilsynsmengde. DLE/Bømlo Kraftnett har også samarbeid med Fagne om brannutgreiing og A-/El-krim.

Periodiske kontrollar

Kontrollane fokuserte på varmgang, berøringsfare, jording, sikringsskap, lading, solceller, og dokumentasjon.

Nyanlegg

23 nyanleggskontrollar vart utførte i november og desember. Lågt tal skuldast få nye anlegg frå enkelte installatørar.

Revisjonar/verifikasjonar

Revisjonar vart gjennomført i ulike bransjar, med tema som samtale med leiar, internkontroll og verifikasjonar. Ingen el-verksemder vart revidert i 2024.

El-verksemder og møte

Talet på el-verksemder gjekk frå 5 til 4. Årleg installatørmøte blei halde 17. desember med tema som tilbagemeldingar frå tilsyn, batteri, DSB-dokument, brannutgreiing og diverse informasjon frå nettselskap. DLE har hatt jamleg dialog med installatørar/montørar.

Informasjon og arrangement

DLE har brukt ca. 15–20 minutt per tilsyn til å informere om elsikkerheit, og delte brosjyren *Er ditt heim el-sikker*. Deltok også på Elsikkerhetsdagen på kjøpesenter i oktober.

Samarbeid med Bømlo Brann og Redning

Saman gjennomførte DLE og brannvesenet undervisning for 6. og 9. klasse, Åpen brannstasjon, Røykvarslerdagen og anna informasjonsarbeid. Totalt vart 16 klasser undervist i mai/juni.

Prosjekt

I 2024 har me hatt eit prosjekt retta mot dei nye tilknytningsskapa som det er blitt krav om å bruke. Her ville me undersøke om skapa heldt god nok kvalitet til å takle klimaet på Bømlo. I prosjektet valte me å dele øya inn i to (vestsida og austsida) og gjennomførte totalt 30 tilsyn. 24 av desse tilsyna resulterte i 38 avvik. Resultatet av prosjektet viser at det er forskjell mellom produsentar og kvar skapa er plassert. Det var likevel bekymringsverdig å finne så pass mange skap som var negativt påverka av korrosjon, etter relativt kort tids bruk.



Begynnande korrosjon av tilknytningsskap



Tilsyn frå DSB

I desember var DSB på tilsyn av vår DLE avdeling. Det var eit grundig tilsyn der dei gjekk gjennom detaljar i våre system og rutinar. Denne gangen vart det funne eit avvik som me vart pålagt å lukke. Avviket gjekk på oppfølging av sakyndig selskap som me leiger inn. Dette hadde me allereie planlagt gjennomført, men først etter tilsynet frå DSB. Avviket vart lukka så snart vårt planlagde møte vart gjennomført. Me fekk og nokre merknadar som dei bad oss om å ta tak i, og som vil bli følgt ekstra opp i kommande tilsyn. Eksempel på slike merknadar er:

Manglande stadfortredar for DLE ansvarleg, rutinar for risikovurdering på utplukk av tilsynsobjekt, registrering i Elvirksomhetsregisteret, tilgang til DLE system for fleire personar, oppfølging av eldre vedtak, for generelle referansar i brevmalar i samanheng med tilsyn og revisjon. Alle desse merknadane har me funne betre løysingar for eller starta på utbetringar.

Anna

DLE deltok på digitale og fysiske samlingar i RAFF, hadde årleg FSE-kurs og sendte inn Eurotester for service og kalibrering.

Totalt vart det i løpet av året gjennomført 397 tilsyn. Desse fordelte seg som vist under:

Bustadhus, rorbuer og hytter:	286
Kontroll av nyanlegg:	42
Revisjon av IK-system verksemder:	28
Verifikasjon av elanlegg tilhøyrande verksemder:	50
Kontroll av elverksemder	0



Plugg og stikkontakt til varmtvassberedar med tydelege teikn til varmgang. Avdekket på kontroll av DLE

Veglys

Ved årsskiftet er det totalt 2 513 (3 274) veglys som er drifta og vedlikehaldne av Bømlo Kraftnett. Talet er redusert frå 2023 grunna at Vestland Fylke har tatt over vedlikehaldet av store delar av veglysa langs fylkesvegane. Desse veglysa har dei stort sett bygd om til LED og montert målar for måling av forbruket. Me håpar at innbyggjarane ikkje skal merke endringa av kven som driftar veglysa, men akkurat i overgangsfasen har det vore ein del klagar på manglande veglys rundt om i kommunen. Me kan ikkje gjera anna enn å vise dei vidare til Fylkeskommunen sine

varslingssystem. Det er og ein del veglys der det er private som må dekke kostnaden som Bømlo Kraftnett har med vedlikehald og fornying. Ofte er dette lys som står i tilknytning til postkassestativ eller private vegar og avkøyringar.

Byggjestraum

Bømlo Kraftnett leiger ut byggjestraumskap til private og entreprenørar som måtte ha bruk for dette. Nettselskapet er plikta å kople til byggjestraumskap, men ikkje til å leige ut slike skap. Bømlo Kraftnett har valt å tilby dette for å yta god service til kundane våre.



Montørane er alltid like blide om det er kaldt eller varmt.

Finnås Kraftlag AS

Personale

Det er totalt 7 tilsette i Finnås Kraftlag AS. Av desse er det to kvinner. Sjukefråværet i 2024 var 6,6%.

Breiband

Kvalitet på nettet

På Bømlo er me heldige då alle faste hushald har tilbod om breiband via fiber. Slik er det dessverre ikkje i heile landet, sjølv om det nærmar seg.

Me kan også levere fiberbreiband til dei aller fleste fritidsbustadane i kommunen vår. Mange set pris på å kunne ha langhelg på hytta, kunne ta med seg ungdommen som krev eit godt nett og ha eit stabilt heimekontor. Eller motsett, at ein kan følgje med på båten som ligg ved kaien/brygga når ein er borte frå hytta.

FAKTA BREIBANDSNETT 2024

(2023 tal i parentes)

Noderom	18 stk. (18)
Fiberkabel:	939 km (920)
Privatkundar:	5 720 (5 667)
Fritidskundar (herav)	1 156 (1 150)
Bedriftskundar:	216 (216)
Leveransar svart fiber	61 (62)

Finnås Kraftlag har også ein del bedriftsleveringar til Eviny og Haugaland Kraft som kjem i tillegg til våre Altibox-kundar. Dette kan være bedrifter som har underavdeling på Bømlo eller butikkar med landsdekkande avtalar, som ikkje er framforhandla direkte med oss.

Finnås Kraftlag kan levere høg hastigheit på internettet. Alle kan få opptil 1Gb hastigheit om ein ynskjer det.

EPSI- kundeundersøking

Finnås Kraftlag AS vart beste Altibox-partnar i EPSI-undersøkinga (kundeundersøking) gjennomført hausten 2024. At Finnås Kraftlag fekk denne plasseringa gjer oss stolte. Me har arbeidd langsiktig og har alltid fokusert på kundane og deira forventingar til oss. At vårt fokus på kundeservice i kvardagen gir slike gode resultat er ein inspirasjonsfaktor til å halde fram arbeidet.

Regulering

NKOM har varslet regulering av nokre fiberselskap i Norge, Finnås Kraftlag er ikkje av dei selskapa som har fått varsel. For å få varsel må ein ha det som dei definerer som «marknadsmakt» i fleire kommunar. Dersom bransjen sjølv frivillig vel å opne fibernetta sine for andre leverandørar, kan ein unngå slik regulering. Haugaland Kraft Fiber, har fått slikt varsel, og har i lag med andre som har fått varsel (deriblant Lyse Tele) starta eit initiativ om ein felles plattform for å handtere utleige av fiber. Planen er at dei skal være klare med dette i starten av 2026.

Konkurranse

Konkuransen aukar og me høyrar oftare og oftare om mobil-leverandørar som har seljarar som går frå dør til dør og tilbyr tv og internett over det vanlege mobilnettet over heile Bømlo. Internett og tv frå oss, tel med i handel med «laget» og gir teljande kroner i berekning av utbytte frå kraftlaget, som er vår måte å gi kundane rabatt. Me har valt å ikkje gi rabatt til enkelte kundar, då me ynskjer å ha like prisar til kundar med like produkt.

Driftssikkerheit

Batterikapasitet i fibernettet er eit viktig tema når stadig meir utstyr er avhengig av eit fibernet som er operativt. Me testar kvart år vår batterikapasitet i våre Nodar, med mål om at dei skal holde i 6 til 8 timar utan ekstern straumforsyning. Når me no set inn nye batteri, grunna redusert kapasitet på dei gamle, så bytar me frå blybatteri til Litiumbatteri (same som blir brukt i elbilar). Dette gir oss både betre reservekapasitet og levetid på batteria.

Vedlikehald

Fibernettet vårt har etter kvart ei betydeleg utstrekking (960 km med fiberkabel), og me må stadig gjere endringar/tilpassingar i nettet. Dette kan være alt frå nye byggefelt, til at Bømlo Kraftnett har bytta ut ein straumstolpe som fiberen må flyttast over til. Me har eiga fellesføringsavtale med Bømlo Kraftnett, og betaler dei årleg avgift for kvar stolpe med fellesføring. Me har no gjort ferdig ein stor byttejobb av elektronikk på våre hovudlinjer, og sender ein del elektronikk tilbake til Cisco (produsent) for resirkulering til andre formål.

Hendingar

Uhell kan skje, og ting kan slutta å virka. Då er me heldige som har eigne montørar som er kjapt på plass for å rette eventuelle feil og skader på fiberkablar og elektronikk. Difor er våre montørar ei viktig brikke i arbeidet for å kunne ivareta god service overfor kundane våre.



Fagmessig «snoring» i noderom



Nymonterte Litiumbatteri med større kapasitet

Våre største prosjekt i 2024 har vore:

- Tilkopling av nye kundar i heile kommunen. Totalt 129 nye fiberinstallasjonar
- Byte av fibersentraler heime hos kundane, me tek kostnaden, hjå andre må kunden betale.
- Kontinuerleg forsterking og vedlikehald av vårt hovudnett.
- Byte batteripakkar i ein del av våre noderom og samtidig auke batteritida Byte frå bly til Lithium.
- Stadig utviding i eksisterande byggefelt, etter som ein ynskjer og bestiller tilkopling til fibernettet.
- Vegprosjektet på Moster pågår med avslutning i 2025
- Vegprosjektet frå Ekornsæter til Børøykryssen er i oppstart og vil skje dei neste åra.

Kundesenter

På dagtid er det eigne tilsette på kraftlaget som svarar på dei aller fleste spørsmål om breiband. Me har avtale med Haugaland Kraft om utvida kundeservice på kveldstid fram til kl. 20:00 og laurdagar frå kl. 10:00 til 14:00.

Kraftomsetnad


Finnås Kraftlag selde i 2024 fortrinnsvis berre straumproduktet «Spot On Bømlo». Dette er eit spot-produkt med påslag som er gjennomskiktig og i tråd med anbefalingane frå forbrukarombodet.

Det er krevjande å operere i straummarknaden når ein er ein liten aktør. Kostnadar med system og programvare er høge og ein er avhengig av store volum for å kunne tene pengar. Finnås Kraftlag har likevel valt å ikkje auke påslaget eller innføre fastledd som andre i bransjen har hatt i mange år. Det er blant anna denne avdelinga som må ta kostnaden med drift og utvikling av vår kundeapp, kundeinformasjonssystem og utsending av fakturaer.

Elbil-lading

Sal og installasjon av elbilladarar har vore jamt også i 2024. I 2024 leverte me 108 (113) ladarar og totalt ved utgangen av 2024 har me installert 494 (386) ladarar. Me sel nå berre ladarar av merket Zaptec.

Dersom ein har to smartprodukt som kan styrast basert på straumpris og kapasitetsledd (eksempelvis elbil-ladar og Eva straumstyring), kan ein søke om støtte frå Enova. Støttebeløpet vil då dekke om lag heile ekstrakostnaden for straumstyringa.




Finnås Kraftlag eig framleis ein hurtigladar plassert ved Kulturhuset på Sortland. Ladestasjonen er drifta av ladeoperatøren Mer.

Solceller


Dei høge straumprisane gjorde det tidlegare år attraktivt å montere solceller. Vår største utfordring var då å holde leveringstida nede. Marknaden er nå snudd på hovudet og i løpet av 2024 vart det berre levert 4 anlegg. Totalt har me ved årskiftet levert 108 anlegg.

Som for alt anna, løner det seg også her å vera medlem i kraftlaget då kjøpet er med i grunnlaget for berekning av kjøpsutbytte.



Straumstyring

Me har valt å tilby systemet EVA smart strømsstyring til våre kundar då me fann dette systemet stabilt og enkelt å bruke. Me har inngått avtale med Teca og Moster Elektro om installasjon og har levert totalt 31 anlegg ved utgangen av 2024. Me håpar systemet kan hjelpe kundane å spare både pengar og energi. Den største fordelene er at kundane kan styre og tilpasse forbruket basert på straumpris og kapasitetsledd. Produktet er og midt i blinken for fritidskundar som ikkje får straumstøtte når straumen er som dyrast. Innføring av Norgespris, kan gjere det vanskelegare å selje slike produkt. Spesielt dette med tilpassing av forbruk til kapasitetsgrensene vil framleis vera aktuelt sjølv om ein har fastpris på sjølve straumen.



ÅRSREKNESKAP 2024



Resultatrekneskap

Alle tal NOK 1000

MORSELSKAP

KONSERN

2023	2024	NOTAR	DRIFTSINTEKTER OG DRIFTSKOSTNADAR	2024	2023
0	0	1, 2	Energisal	78 307	111 538
0	0	1, 7	Inntekter overføring	88 534	67 735
0	0	8	Sol og lading	2 033	12 538
0	0	1	Breibandsinntekter	59 989	56 684
0	0	1, 2	Flaskehalsinntekter	1 813	5 572
12 294	11 564	1, 10	Andre driftsinntekter	6 147	6 675
12 294	11 564		Sum driftsinntekter	236 823	260 742
0	0			0	0
0	0		Aktivering investeringsarbeid	-5 840	-5 744
0	0	1	Energikjøp	77 375	108 167
0	0	1	Overføringstenester	25 246	9 841
0	0		Varekjøp breiband	28 435	25 372
0	0		Øvrege varekjøp	4 965	20 200
8 326	9 386	4	Lønnskostnader	22 393	30 189
162	239	3	Ordinær avskrivning	20 661	19 644
4 277	4 818	4	Annan driftskostnad	33 210	21 478
12 764	14 443		Sum driftskostnader	206 445	229 148
-471	-2 879		Driftsresultat	30 378	31 595
0	0			0	0
0	0		FINANSINTEKTER OG FINANSKOSTNADAR	0	0
0	0			0	0
24 563	24 867		Inntekt frå investering i dotterselskap	0	0
768	182	10	Renteinntekt foretak i samme konsern	0	0
1 076	2 844		Renteinntekt	3 215	1 515
44 172	48 089		Mottatt aksjeutbytte	48 089	44 417
0	0		Annen finansinntekt	56	0
0	2 759		Gevinst på sal verdipapir	2 759	0
1 380	0		Verdiauke markedsbaserte omløpsmidlar	0	1 380
0	627		Verdireduksjon markedsbaserte omløpsmidlar	627	0
0	520	10	Rentekostnad foretak i samme konsern	0	0
767	186		Rentekostnad	358	1 442
193	181		Tap på sal verdipapir	181	193
71 000	77 228		Resultat av finanspostar	52 953	45 678
70 529	74 349		Årsresultat før skattekostnad	83 331	77 273
6 589	5 939	5	Skattekostnad	7 941	8 037
63 940	68 410	6	Resultat i året	75 390	69 236
			OVERFØRINGAR		
2 352	2 756		Gåver til almenntilgjeld		
37 588	36 154		Avsett til annan egenkapital		
0	5 000		Avsett til nettutbyggingsfond		
24 000	24 500		Utdeling av kjøpsutbytte		
63 940	68 410		Sum overføringer		

Balanse pr. 31.desember

Alle tal NOK 1000

MORSELSKAP

2023	2024	NOTAR EIGA
		Anleggsmidler
		Immaterielle eiga
0	0	Immateriell eige
3 886	3 573	5 Utsett skattefordel
3 886	3 573	Sum immaterielle eiga
0	0	
0	0	Varige driftsmidler
3 890	3 828	3 Tomter, bygninger og annan fast eigedom
0	0	3 Distribusjonsnett
0	0	3 Breibandsnett
0	0	3 Anlegg under utførelse
393	446	3 Øvregje driftsmidler
4 283	4 274	Sum varige driftsmidler
0	0	
0	0	Finansielle anleggsmidler
340 450	340 450	7 Inversteringar i dotterselskap
0	0	14 Pensjonsmidlar
646 528	646 576	9 Investeringar i aksjar og andelar
986 977	987 026	Sum finansielle anleggsmidler
995 147	994 872	Sum anleggsmidler
0	0	
0	0	Omlaupsmidler
0	0	Materiallager
0	0	
0	0	Fordringar
0	0	8 Kundefordringar
40 827	15 644	10 Fordring på konsernselskap
189	187	Andre fordringar
41 016	15 830	Sum fordringar
0	0	
0	0	Investeringar
22 114	34 292	11 Markedsbaserte fondsandelar
22 114	34 292	Sum investeringar
816	58 937	12 Bankinnskott, kontantar og liknande
63 946	109 059	Sum omlaupsmidler
1 059 093	1 103 931	SUM EIGA

KONSERN

2024	2023
658	1 172
0	0
658	1 172
0	0
0	0
28 296	24 118
229 376	227 132
72 650	73 780
6 679	8 685
9 947	8 981
346 949	342 696
0	0
0	0
0	0
886	558
648 738	649 029
649 624	649 587
997 230	993 456
0	0
0	0
8 483	7 724
0	0
0	0
63 244	70 263
0	0
1 843	1 262
65 087	71 525
0	0
0	0
34 292	22 114
34 292	22 114
60 066	14 850
167 927	116 213
1 165 157	1 109 669

Balanse pr. 31. desember

Alle tal NOK 1000

2023	2024	NOTAR EIGENKAPITAL OG GJELD	2024	2023
		Eigenkapital		
		Innskoten eigenkapital		
1 244	1 298	6, 13 Medlemskapital	1 298	1 244
1 244	1 298	Sum innskoten eigenkapital	1 298	1 244
0	0		0	0
0	0	Opptent eigenkapital	0	0
0	5 000	Nettutbyggingsfond	5 000	0
9 700	9 700	Etterbetalingsfond	9 700	9 700
1 000 867	1 037 021	6 Annan eigenkapital	1 051 088	1 007 954
1 010 567	1 051 721	6 Sum opptent eigenkapital	1 065 788	1 017 654
0	0		0	0
1 011 811	1 053 019	Sum eigenkapital	1 067 086	1 018 898
0	0		0	0
0	0	Gjeld	0	0
0	0	Avsetjing for forpliktingar	0	0
1 072	905	14 Pensjonsforpliktingar	1 685	1 799
0	0	5 Utsett skatt	7 141	5 651
1 072	905	Sum avsetjing for forpliktingar	8 825	7 449
0	0		0	0
0	0	Kortsiktig gjeld	0	0
430	259	Leverandørgjeld	13 270	16 266
4 461	5 102	5 Betalbar skatt	5 928	8 581
2 069	4 892	Skuldige offentlege avgiftar	12 501	9 400
28 027	28 381	Gjeld til medlemmar	28 381	28 027
11 223	11 373	Annan kortsiktig gjeld	29 167	21 047
46 210	50 007	Sum kortsiktig gjeld	89 246	83 321
47 282	50 912	Sum gjeld	98 071	90 771
1 059 093	1 103 931	SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	1 165 157	1 109 669

Bremnes 07.05.2025



Torleiv Fylkesnes
Styreleiar



Vermund Hjelland
Nestleiar



Signe Lund Jansen
Styremedlem



Nina Ingvaldsen
Styremedlem



Geir Ivar Ådnanes
Styremedlem



Johnny Rolfsnes
Styremedlem



Jorunn Jacobsen Folgerø-Holm
Styremedlem



Tor Bjarne Smedsrud
Administrerende direktør

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998 og god rekneskapsskikk.

Konsolideringsprinsipp

Konsernrekneskapen omfattar Finnås Kraftlag SA med dotterselskap der Finnås Kraftlag SA har bestemmende innflytning som fylgje av juridisk eller faktisk kontroll. Dette omfattar Finnås Kraftlag AS og Bømlo Kraftnett AS.

Konsernrekneskapen er utarbeidd etter einsarta rekneskapsprinsipp for like transaksjonar i alle selskapa som inngår i konsernrekneskapen. Alle vesentlege transaksjonar og mellomverande mellom selskap som inngår i konsernet er eliminert. Investeringar i selskap der konsernet har betydeleg innflytning (tilknyta selskap) vert behandla etter eigenkapitalmetoden i konsernrekneskapen. Betydeleg innflytning føreligg normalt når konsernet eig frå 20 til 50 prosent av den stemmeberettiga kapitalen.

Inntekter

Inntekt vert rekneskapsført når den er opptent. Det vil sei når risiko og kontroll er overført til kunden. Inntektene vert rekneskapsført med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet.

Overføringsinntekter/nettregulering

Nettdrifta vert regulert av styresmaktene ved at Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) årleg fastset inntektsrammer for kvart selskap.

Inntektsramma vert fastsett på bakgrunn av faktiske historiske kostnader, verdien av selskapet sin nettkapital og målt effektivitet samanlikna med andre tilsvarende selskap. Inntektene vert i tillegg regulert i forhold til mengda leveringsavbrot i løpet av året, generell pris og renteutvikling.

Meir-/mindreinntekt er differansen mellom inntektsramma og faktiske innbetalte nettleigeinntekter. Meirinntekt skal rentebereknast med rentesats fastsett av NVE og blir tilbakeført til kundane. Mindreinntekt kan Bømlo Kraftnett AS velje å krevja inn frå kundane.

Kostnader

Kostnader vert rekneskapsført i same periode som tilhøyrande inntekt. Der det ikkje er ein klar samanheng, vert det føreteke ei skjønnsmessig fordeling mellom periodane.

Skattar

Skattekostnaden vert samanstillt med rekneskapsmessig resultat før skatt.

Skattekostnaden består av betalbar skatt (skatt på den direkte skattepliktige inntekta i året) og endring i netto utsett skatt. Skattekostnaden vert fordelt på ordinært resultat og resultat av ekstraordinære postar i høve til skattegrunnlaget. Netto utsett skattefordel er ikkje balanseført.

I tillegg er Finnås Kraftlag SA formuesskattepliktig.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigendelar og gjeld

Eigendelar for varig eige eller bruk er klassifiserte som anleggsmidlar.

Andre eigendelar er klassifiserte som omlaupsmidlar.

Fordringar som skal attendebetalast innan eitt år er klassifiserte som omlaupsmidlar.

Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterie lagt til grunn.

Anleggsmidlar er vurderte til anskaffingskost, men vert nedskriven til verkeleg verdi når verdifallet ikkje er venta å vere av forbigåande art. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid vert avskrivne over forventa levetid.

Omlaupsmidlar vert vurderte til det lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Kortsiktig gjeld vert ikkje oppskriven til verkeleg verdi som følge av eventuell renteendring.

Nedanfor er det knytt kommentarar til prinsipp for enkeltpostar i rekneskapen.

Immaterielle eigendelar

Utgifter til eiga utvikling balanseførast når det er sansynleg at dei framtidige økonomiske fordelane knyta til eigendelen vil tilflyte selskapet og kostpris når kriteria for balanseføring er oppfylt.

Immaterielle eigendelar med begrensa økonomisk levetid avskrivast planmessig. Dersom den økonomiske levetida for balanseførte utviklingskostnadar kan fastsetjast påliteleg, avskrivast utviklingskostnadane over maksimalt ti år. Immaterielle eigendelar nedskrivast til gjenvinnbart beløp dersom dei forventa økonomiske fordelane ikke dekkjer balanseført verdi og eventuelle gjenstående tilverksingskostnadar.

Anleggsbidrag

Anleggsbidrag til investeringar, frå det offentlege og private, har gått til frådrag på aktiverte verdjar.

Vedlikehald

Det er utført naudsynt vedlikehald på alle anleggsdelar. Det er ikkje føreteke avsetjing for utsett vedlikehald fordi kostnadene kjem til jamt over levetida. Vedlikehald/reinvestering som medfører vesentleg lengre levetid og inntening, vert aktivert.

Aksjar og andelar i tilknytta selskap og dotterselskap

Investeringar i dottarselskap er vurdert etter kostmetoden. Investeringane vert nedskriven til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje er forbigåande og det vurderast naudsynt etter god rekneskapsskikk.

Motteke utbyte frå dotterselskap vert inntektsført som anna finansinntekt. Tilsvarande gjeld for investeringar i tilknyta selskap.

Andre anleggsaksjar og andelar

Aksjar og andelar i selskap der selskapet ikkje har betydeleg påverknad er oppført etter kostmetoden. Dersom verkeleg verdi er lågare og ikkje forbigåande, vil investeringane verte nedskrivne. Motteke utbyte og andre overskotsutdelingar frå selskap vert inntektsført som anna finansinntekt.

Finansielle instrument og varederivat

Finansielle instrument, herunder aksjar og obligasjonar, som:

- Er klassifisert som omløpsmidlar
- Inngår i ei handelsportefølje med hensikt på vidareasal,
- Omsettast på børser, autorisert marknadsplass eller tilsvarande regulert marknad i utlandet, og
- Har god eigarspreiing og likviditet

er vurdert til verkeleg verdi på balansedagen. Andre investeringar er vurdert til lågast av gjennomsnittleg anskaffingskost og verkeleg verdi på balansedagen.

Plasseringar av finansmidlar er vurdert til marknadsverdi ved årsslutt, og realiserte gevinstar og tap er ført som finansinntekter.

Materiallager

Materiallager er vurdert til lågaste av salspris og anskaffingskost.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar vert bokført til pålydande etter frådrag for avsetjing til forventa tap. Avsetjing til tap vert gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av kvar enkelt fordring. I tillegg vert det for andre kundefordringar gjort ei uspesifisert avsetjing for å dekkje antatt tap. Fordringar i samband med straumkrav er oppført netto.

Bankinnskot, kontantar o.l.

Bankinnskot, kontantar o.l. inkluderer kontantar, bankinnskot og andre betalingsmidlar med forfallsdato som er kortare enn tre månadar frå anskaffing.

Pensjonar

Selskapet har kollektiv pensjonsordning for dei tilsette. Ordninga er ein ytingsplan, det vil sei at selskapet har det økonomiske ansvaret for at dei tilsette får dei avtalte ytingane. Ved rekneskapsføring av pensjon som er ytingsplan, vert forpliktinga kostnadsført over oppteningstida i henhold til planens oppteningsformel. Allokeringmetode tilsvarar planens oppteningsformel med mindre det vesentlege av oppteninga skjer mot slutten av oppteningsperioden. Lineær opptening vert då lagt til grunn. For pensjonsordningar etter lov om føretakspensjon vert såleis lineær opptening anvendt.

Estimatavvik og verknaden av endra føresetnadar vert amortisert over forventa gjenverande oppteningstid i den grad dei overstig 10 % av det høgaste av pensjonsforpliktinga og pensjonsmidlane (korridor). Planendringar vert fordelt over attverande oppteningstid. Arbeidsgjevaravgift er inkludert i tala.

Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd med basis i den indirekte metoden. Dette inneber at ein i analysen tek utgangspunkt i årsresultatet for å kunne presentere kontantstraumar som er tilført frå høvesvis ordinær drift, investeringsaktivitetar og finansieringsaktivitetar.



Alltid god stemning i kundemottaket.

Note 1 – Segmentinformasjon

Konsern

Alle tal NOK 1000

	Bømlo Kraftnett AS		Finnås Kraftlag AS			Mor	Konsern	
	Distribusjon	Øvreg verksemd	Kraftomsetning	Breiband	Øvreg	Tenester til konsern	Eliminering	
Inntekter								
Kraftsal			80 568					80 568
Breibandtenester				59 986				59 986
Overføringsinntekter	86 721							86 721
Flaskehalsinntekter	1 813							1 813
Mindreinntekt	1 845							1 845
Andre inntekter	653	5 938	18	43	2 837	11 564	-15 070	5 983
SUM inntekter	91 031	5 938	80 586	60 029	2 837	11 564	-15 070	236 915
Varekostnad								
Kraftkjøp			77 378					77 378
Varekjøp, breiband				26 845				26 845
Nettap	4 365							4 365
Nett-tj. overliggende	25 246							25 246
Varekjøp, anna	1 049	1 734		96	1 592			4 471
SUM varekjøp	30 660	1 734	77 378	26 941	1 592	0	0	138 306
Bruttoavanse	60 371	4 204	3 207	33 088	1 245	11 564	-15 070	98 610
Driftskostnader								
Personalkostnader	13 122	2 374	28	6 166	505	9 615		31 809
Aktivert lønn	-4 071	0	0	-1 767	0	-230		-6 067
Avskrivinger	9 473	406	583	9 944	16	239		20 661
Andre driftskostnader	16 955	1 139	3 935	9 545	448	4 818	-15 070	21 771
Tap på fordringar	-100	114	-1	45	-0	0		58
Sum driftskostnader	35 379	4 033	4 546	23 933	969	14 443	-15 070	68 232
Driftsresultat	24 993	172	-1 338	9 155	276	-2 879	0	30 378

Berekening av meir-/mindreinntekt inklusive KILE

Sum nettleigeinntekt	86 721
Andre inntekter (inkl. morarenter)	2 078
Sum faktisk nettleigeinntekt	88 799
Fastsett initiell inntekt i eige nett (-)	-61 437
KILE-kostnader	472
Fjerning av tidsetterslep investeringar	-2 248
Kostnader ved overliggende nett (-)	-25 246
Eigedomsskatt	-1 030
Avgifter Elhub/ FOU	-1 179
Total tillatt inntekt	-90 668
Meir- (+)/mindreinntekt (-) i året	-1 869

Saldo (+)meir/mindreinntekt (-) ved årsslut	687
---	-----

Avkastingsgrunnlag

	Gjennomsnitt
Driftsmidler	209 037
Kundespesifikke anlegg	19 009
Felles anleggsmidlar	24 062
Netto arbeidskapital (påslag 1%)	2 521
Sum avkastingsgrunnlag	254 628

Driftsresultat	24 993
Avkastig %	9,8 %

Note 2 – Flaskehalsinntekter

Bømlo Kraftnett AS har i 2024 motteke flaskehalsinntekter frå Statnett på MNOK. 1,8..

Ordninga med flaskehalsinntekter er «etablert som en midlertidig ordning for omfordeling av flaskehalsinntekter mellom budområder internt i Norge og fra mellomlandsforbindelsen til Storbritannia fra Statnett SF til regionale og lokale nettselskaper for å redusere sannsynligheten for økt nettleie på grunn av høye kraftpriser».

Note 3 – Varige driftsmidler

(Alle tal NOK 1000)

Morselskap

	Bygninger	Øvre driftsmidler	Sum
Anskaffingskost 1.1	4 101	9 247	13 347
Tilgang i året	230	-	230
Avgang til anskaffingskost	-	-	-
Anskaffingskost 31.12.	4 330	9 247	13 577
Akkumulerte av- og nedskrivningar 1.1	210	8 853	9 064
Avskrivningar i året	62	177	239
Akk. avskrivning, nedskr. og rev. nedskr. 31.12.	272	9 030	9 303
Bokført verdi 31.12.	4 058	216	4 274
Økonomisk levetid	50 år	5-8 år	

Konsern

	Breibandsnett	Distribusjonsnett	Bygninger og tomter	Øvre driftsmidler	Arbeid under utføring	Sum
Anskaffingskost 1.1	208 671	389 563	34 441	45 613	8 684	686 971
Tilgang i året	8 514	9 792	5 121	3 231	25	26 683
Avgang til anskaffingskost	36	159	-	-	2 030	2 225
Anskaffingskost 31.12.	217 148	399 197	39 563	48 843	6 679	711 430
Akkumulerte av- og nedskrivningar 1.1	134 885	162 490	10 323	36 637		344 335
Avskrivningar i året	9 614	7 330	943	2 259		20 146
Akk. avskrivning, nedskr. og rev. nedskr. 31.12.	144 499	169 820	11 266	38 896		364 481
Bokført verdi 31.12.	72 650	229 376	28 296	9 947	6 679	346 949
Økonomisk levetid	5-30 år	8-55 år	50 år	5-8 år		

Note 4 – Lønnskostnad, tal på tilsette, godtgjersler, lån til tilsette m.m.

(Alle tal NOK 1000)

Lønnskostnad

Morselskap			Konsern	
2023	2024		2024	2023
6 151	6 979	Løn og feriepengar	14 961	22 937
912	958	Arbeidsgjevaravgift	3 239	3 485
667	199	Pensjonskostnader	1 190	2 907
595	1 250	Andre ytingar	3 003	859
8 326	9 386	Sum	22 393	30 189
9	8	Gjennomsnittleg tal på tilsette	29	31

Ytingar til leiande personar	Løn	Premie pensjon	Anna godtgjersle
Dagleg leiar mor og konsern	1 477	30	17
Styret mor og konsern	501	-	-

Dagleg leiar er tilsett i morselskap og kostnad til leiar vert fordelt til døtre.

Kostnader til revisor

Morselskap			Konsern	
2023	2024		2024	2023
139	166	Honorar lovpålagt revisjon eks	414	332
-	-	Attestasjonsoppgåver	34	33
70	64	Rekneskapsteknisk bistand	143	134
80	39	Skattemessig bistand	65	108
289	269	Sum	656	607

Note 5 – Skattekostnad

(Alle tal NOK 1000)

Morselskap			Konsern		
2023	2024	Skattekostnad i året kjem fram slik	2024	2023	
4 461	5 102	Formuesskatt	5 102	4 461	
-	-	Betalbar inntektsskatt	6 839	9 524	
531	314	Endring utsett skatt	948	-2 140	
-	-	Skatteeffekt konsernbidrag	-5 471	-5 404	
1 596	523	Skattekostnad tidlegare år	523	1 596	
6 589	5 939	Skattekostnad ordinært resultat	7 942	8 037	
2023	2024	Skatt i balansen som skal betalast	2024	2023	
-943	-369	Skatt på resultatet dette året som skal betalast	5 928	8 581	
5 404	5 471	Skatt på motteke konserntilskott som skal betalast	-	-	
4 461	5 102	Sum skatt i balansen som skal betalast	5 928	8 581	
2023	2024	Skattbar inntekt	2024	2023	
70 529	74 349	Årsresultat før skatt	83 331	77 273	
-68 114	-97 790	Permanente skilnader	-72 804	-68 276	
-708	-192	Endring i mellombelse skilnader	-5 539	11 822	
-1 707	-1 234	Anvendning av underskot for framføring	-1 234	-2 093	
-	24 867	Motteke konserntilskot	-	-	
-	-	Avgjeve konserntilskot	-	-	
0	-0	Sum skattbar inntekt	3 754	18 726	

Morselskap

Spesifikasjon av skatteeffekten av førebelse skilnader og underskot til framføring:

	2024		2023	
	Fordel	Forplikting	Fordel	Forplikting
Driftsmidler	-	351	-	325
Pensjonsforplikting	905	-	1 072	-
Underskot til framføring	15 684	-	16 918	-
Sum	16 590	351	17 990	325
Brutto utsatt skattefordel/-forpl.	16 239		17 665	
Netto utsett fordel/forpl. i balansen	3 573		3 886	

Selskapet har ei pågåande skattesak knytta til skattemessig behandling av utbyte til medlemmane, som selskapet har krevd frådrag for i 2017-2023 med totalt MNOK 18,61. Tilsvarande frådrag er krevd i skatteberekning for 2024 med MNOK 5,39. Om skatteetaten ikkje aksepterer frådraget vil skatten bli attendebetalt og skattekostnaden tilsvarande korrigert i 2024.

Note 5 – Skattekostnad held fram

Konsern

Spesifikasjon av skatteeffekten av førebelse skilnader og underskot til framføring:

	2024		2023	
	Fordel	Forplikting	Fordel	Forplikting
Driftsmidler	-	50 096	-	46 551
Fordringar	389		395	242
Pensjonsforplikting	1 685	886	1 799	558
Vinst- og tapskonto	80	-	99	-
Ikkje opptent inntekt	687	-	2 695	240
Framførbart underskot	15 684	-	16 918	-
Sum	18 524	50 981	21 907	47 591
Brutto utsett skattefordel/-forplikting	-32 457		-25 684	
Netto utsett fordel/forpl. i balansen	-7 141		-5 651	

Note 6 – Eigenkapital

(Alle tal NOK 1000)

Morselskap

	Medlems- innskot	Annan eigenkapital	Nettutbyggings- fond	Etterbetalings- fond	Innskutt annan eigenkapital
Eigenkapital 01.01.2024	1 244	1 000 867	-	9 700	1 011 811
<i>Endring eigenkapital i året</i>					
Endring i medlemsinnskot	54				54
Avsett til allmennyttig formål		-2 756			-2 756
Avsett til nettutbyggingsformål		-5 000	5 000		-
Avsett til kjøpsutbyte medlemmer		-24 500			-24 500
Resultat i året		68 403			68 403
Eigenkapital 31.12.2024	1 298	1 037 015	5 000	9 700	1 053 012

Konsern

	Medlems- innskot	Annan eigenkapital	Nettutbyggings- fond	Etterbetalings- fond	Innskutt annan eigenkapital
Eigenkapital 01.01.2024	1 244	1 007 954	-	9 700	1 018 898
<i>Endring eigenkapital i året</i>					
Endring i medlemsinnskot	54				54
Avsett til allmennyttig formål		-2 756			-2 756
Avsett til nettutbyggingsformål		-5 000	5 000		-
Avsett til kjøpsutbyte medlemmer		-24 500			-24 500
Resultat i året		75 390			75 390
Eigenkapital 31.12.2024	1 298	1 051 088	5 000	9 700	1 067 085

Note 7 – Investering i dotterselskap

(Alle tal NOK 1000)

Firma	Eigarandel	Anskaffings- -kost	Balanseført verdi	Andel resultat	Andel eigenkapital
<i>Anleggsmidler</i>					
Finnås Kraftlag SA	100 %	147 040	97 246	6 264	76 626
Bømlø Kraftnett AS	100 %	257 030	243 204	20 113	277 890
Sum		404 070	340 450		

Note 8 – Fordringer og gjeld

(Alle tal NOK 1000)

Fordringer med forfall seinare enn eitt år:

	2024	2023
Kundekrav sol og lading	9 364	12 310
Sum	9 364	12 310

Note 9 – Aksjar og andelar i andre føretak mv.

(Alle tal NOK 1000)

Morselskap

Anleggsmidler	Eigarandel	Anskaffingskost	Balanseført
Haugaland Kraft AS	9,530 %	646 095	646 095
Eigenkapitalinnskot KLP		481	481
Sum		646 576	646 576

Konsern

Anleggsmidler	Eigarandel	Anskaffingskost	Balanseført
Haugaland Kraft AS	9,530 %	646 095	646 095
Eigenkapitalinnskot KLP		481	481
Andre		146	146
Sum		646 723	646 723

Note 10 – Transaksjonar med nærstående partar

(Alle tal NOK 1000)

Transaksjonsgruppe	Motpart	Forhold til motparten	2024
Administrasjonstenester (inntekt)	Bømlo Kraftnett AS	Dotterselskap	6 022
Administrasjonstenester (inntekt)	Finnås Kraftlag AS	Dotterselskap	5 542
Renteinntekt	Bømlo Kraftnett AS	Dotterselskap	182
Renteinntekt	Finnås Kraftlag AS	Dotterselskap	0
Rentekostnad	Bømlo Kraftnett AS	Dotterselskap	85
Rentekostnad	Finnås Kraftlag AS	Dotterselskap	435
Sum inntekter og kostnader frå nærstående selskap			11 226

Transaksjonsgruppe	Motpart	Forhold til motparten	2024
Kundefordring	Finnås Kraftlag AS	Dotterselskap	1 768
Kundefordring	Bømlo Kraftnett AS	Dotterselskap	2 212
Andre fordringar	Finnås Kraftlag AS	Dotterselskap	15 233
Andre fordringar	Bømlo Kraftnett AS	Dotterselskap	27 419
Konsernkonto	Finnås Kraftlag AS	Dotterselskap	2 359
Sum fordringar frå nærstående selskap			48 991

Transaksjonsgruppe	Motpart	Forhold til motparten	2024
Leverandørgjeld	Finnås Kraftlag AS	Dotterselskap	144
Anna gjeld	Finnås Kraftlag AS	Dotterselskap	769
Anna gjeld	Bømlo Kraftnett AS	Dotterselskap	1 968
Konsernkonto	Bømlo Kraftnett AS	Dotterselskap	30 466
Sum gjeld til nærstående selskap			33 347

Note 11 – Marknadsbaserte fondsandelar

(Alle tal NOK 1000)

Finnås Kraftlag SA har ei portefølje av finansplasseringar som er plassering av ledig likviditet. Portefølja vert forvalta av profesjonell forvaltar.

	Kostpris	Bokført verdi	Marknadsverdi
Obligasjonar	16 537	17 008	17 008
Markedsbaserte aksjar	13 596	13 914	13 914
Pengemarkedsfond	3 600	3 303	3 303
Sum	33 732	34 225	34 225

Note 12 – Likvidar og likvidplasseringar

Av bankinnskott gjeld kr 489.800 tilsette i morselskapet sitt skattetrekk. For konsernet utgjør bundne midlar kr 1.480.324.

Note 13 – Oversikt over medlemsinnskot

Eigarstruktur

Finnås Kraftlag har i omfram 22.9.2010 vedteke nye vedtekter, som blant anna inneber overgang frå partslag til samvirkelag, vedtak om utbetaling av renter til eigarar samt attendebetaling av medlemsinnskot.

Konsekvensen av dette er at alle medlemmer har likt medlemsinnskot. Pr. 31.12.2024 er det registrert 4.326 medlemmer med totalt innskot kr 1.297.800. Anna innskot gjeld tidlegare partshavarar som førebels ikkje har omgjort partar til medlemskap.

Gjeld til medlemmer gjeld også tidlegare partshavarar.

Note 14 – Pensjonskostnader,-midlar og-forpliktingar

(Alle tal NOK 1000)

Selskapet er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon og har pensjonsordning som tilfredsstiller krava i denne lova.

Selskapet har pensjonsordning i KLP som omfattar i alt 9 aktive personar, 4 oppsette og 7 pensjonistar. Ordninga gjev rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengig av tal på oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketrygda. Forpliktinga er dekkja gjennom et forsikringsselskap (sikra ordning).

Mor

Pensjonskostnad

	2024	2023
Noverdi av pensjonsopptening i året	1 195	1 004
Rentekostnad av pensjonsforpliktinga	804	734
Avkastning på pensjonsmidlar	-1 062	-1 019
Netto pensjonskostnad (før arbeidsgjevaravgift)	937	719
Arbeidsgjevaravgift netto pensjonskostnad	103	80
Resultatføring estimatavvik	231	94
Administrasjonskostnad	33	39
Netto pensjonskostnad (-midlar)	1 304	932

Finansiell status pr. 31.12.

	2024	2023
Pensjonsforplikting	26 745	25 334
Verdi av pensjonsmidlar	-23 844	-19 987
Netto pensjonsforplikting (før arbeidsgjevaravgift)	2 901	5 347
Estimeringsavvik inkl. arbeidsgjevaravgift	-2 303	-4 842
Arbeidsgjevaravgift	307	567
Netto pensjonsforplikting	905	1 072

Note 14 – Pensjonskostnader, -midlar og –forpliktingar held fram

Konsern

	2024	2023
Pensjonskostnad		
Noverdi av pensjonsopptening i året	3 993	3 831
Rentekostnad av pensjonsforpliktinga	3 112	2 876
Avkastning på pensjonsmidlar	-4 235	-4 002
Netto pensjonskostnad (før arbeidsgjevaravgift)	2 870	2 705
Arbeidsgjevaravgift netto pensjonskostnad	316	301
Resultatføring estimatavvik	937	706
Administrasjonskostnad	109	135
Netto pensjonskostnad (-midlar)	4 233	3 847
Finansiell status pr. 31.12.	2024	2023
Pensjonsforplikting	98 007	95 642
Verdi av pensjonsmidlar	-90 243	-80 040
Estimeringsavvik inkl. arbeidsgjevaravgift	-6 965	-14 360
Netto pensjonsforplikting	799	1 241

Mor og konsern

Økonomiske føresetnader:

Diskonteringsrente	3,90 %	3,70 %
Forventa pensjonsregulering	3,00 %	2,90 %
Forventa avkastning på fondsmidlar	5,90 %	5,90 %
Forventa lønsvekst	4,00 %	3,75 %
Forventa G-regulering	3,75 %	3,50 %

Ordninga dekkjer krav om innføring av obligatorisk tenestepensjon.

Note 15 – Kraftkontraktar

Finnås Kraftlag SA eller konsernet for øvreg har ikkje inngått kontraktar for kjøp eller sal av kraft med faste prisar ved årsskiftet.

Note 16 – Finansiell risiko

Selskapet har ikkje gjeld til kredittinstitusjonar.

Finnås Kraftlag SA har finansielle anleggsmidlar med bokført verdi på MNOK 987, kor største posten MNOK 646 gjeld 9,53 % eige i Haugaland Kraft AS. MNOK 340 er investeringar i døtre.

Finnås Kraftlag SA har vidare marknadsbaserte finansielle postar på MNOK 34. Desse postane er forvalta av profesjonell porteføljeforvaltar.

Selskapet har elles ikkje postar eller instrument som er utsett for spesiell finansiell risiko. For marknadsbaserte fondsandelar er det knytt risiko til endringar i marknadspris.



Siggjo ein stile morgon Foto Tove Lise Aasheim

Kontantstraumoppstilling

MORSELSKAP

KONSERN

2023	2024		2024	2023
KONTANTSTRAUM FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR				
70 529	74 349	Ordinært resultat før skattekostnad	83 331	77 273
-1 380	-627	Ikkje-likvid finansiering av finansplasseringar	-627	-1 380
-3 911	-4 461	Betalt skatt i perioden	-4 461	-3 911
162	239	Ordinære avskrivningar/nedskrivningar	20 146	19 644
-633	-167	Pensjonskostnad utan kontanteffekt	-114	-1 620
0	0	Tap/gevinst ved sal av anleggsmidlar	-255	106
-768	445	Viderefakturering av renter konsern	0	0
0	0	Endring i materiallager	-759	-3 419
0	0	Endring i kundefordringer	7 019	1 334
-54	-171	Endring i leverandørgjeld	-2 996	8 470
-682	25 183	Endring i konsernmellomværender	0	0
3 039	691	Endring i andre omlaupsmidlar og andre gjeldspostar	7 920	4 967
66 302	95 480	Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar	109 204	101 464
KONTANTSTRAUM FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR				
-211	-230	Utbetalingar ved kjøp av varige driftsmidlar	-27 198	-29 677
0	0	Innbetalingar ved sal av finansielle anleggsmidlar	0	0
9 214	25 672	Innbetalingar ved sal av aksjar	25 963	9 214
0	-49	Utbetalingar ved kjøp av aksjar	0	0
-10 203	-38 476	Utbetalingar til investeringar i finansielle anleggsmidlar	-38 476	-10 883
-1 200	-13 083	Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar	-39 712	-31 346
KONTANTSTRAUM FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR				
-51 158	0	Utbetalingar ved nedbetaling av kortsiktig gjeld	0	-51 158
38	54	Innbetaling/utbetaling av eigenkapital	54	38
-13 500	-24 000	Utdelingar av tidlegare årsoverskot	-24 000	-13 500
-218	-331	Utbetaling til gåver og allmennyttig formål	-331	-218
-64 838	-24 277	Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter	-24 277	-64 838
0	0	Effekt av valutakursendring på bankinnskudd, kontanter o.l.	0	0
265	58 121	Netto endring i bankinnskot, kontantar og liknande	45 216	5 280
551	816	Beholdning av bankinnskot, kontantar og liknande pr 01.01.	14 850	9 570
816	58 937	Beholdning av bankinnskot, kontantar og liknande pr 31.12.	60 066	14 850

Revisjonsberetning



Deloitte AS
Lars Hilles gate 30
Postboks 6013, Postterminalen
NO-5008 Bergen
Norway

+47 55 21 81 00
www.deloitte.no

Til generalforsamlingen i Finnås Kraftlag SA

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Konklusjon

Vi har revidert årsregnskapet for Finnås Kraftlag SA som består av:

- selskapsregnskapet, som består av balanse per 31. desember 2024, resultatregnskap, kontantstrømoppstilling for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.
- konsernregnskapet, som består av balanse per 31. desember 2024, resultatregnskap, kontantstrømoppstilling for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening

- oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav,
- gir selskapsregnskapet et rettviseende bilde av selskapets finansielle stilling per 31. desember 2024 og av dets resultater og kontantstrømmer for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge, og
- gir konsernregnskapet et rettviseende bilde av konsernets finansielle stilling per 31. desember 2024 og av dets resultater og kontantstrømmer for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet nedenfor under *Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet*. Vi er uavhengige av selskapet og konsernet i samsvar med kravene i relevante lover og forskrifter i Norge og International Code of Ethics for Professional Accountants (inkludert internasjonale uavhengighetsstandarder) utstedt av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlige for informasjonen i årsberetningen. Vår konklusjon om årsregnskapet ovenfor dekker ikke informasjonen i årsberetningen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese årsberetningen. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom årsberetningen og årsregnskapet og den kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen av årsregnskapet, eller hvorvidt informasjon i årsberetningen ellers fremstår som vesentlig feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsberetningen fremstår som vesentlig feil. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Basert på kunnskapen vi har opparbeidet oss i revisjonen, mener vi at årsberetningen

- er konsistent med årsregnskapet og
- inneholder de opplysninger som skal gis i henhold til gjeldende lovkrav.



Uavhengig revisors beretning
Finnås Kraftlag SA

Ledelsens ansvar for årsregnskapet

Ledelsen er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik internkontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til selskapets og konsernets evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avviklet.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon er å anse som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke de økonomiske beslutningene som brukerne foretar på grunnlag av årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og vurderer vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av internkontroll.
- opparbeider vi oss en forståelse av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av selskapets og konsernets interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.
- konkluderer vi på om ledelsens bruk av fortsatt drift-forutsetningen er hensiktsmessig, og, basert på innhentede revisjonsbevis, hvorvidt det foreligger vesentlig usikkerhet knyttet til hendelser eller forhold som kan skape tvil av betydning om selskapets og konsernets evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentlig usikkerhet, kreves det at vi i revisjonsberetningen henleder oppmerksomheten på tilleggsopplysningene i årsregnskapet, eller, dersom slike tilleggsopplysninger ikke er tilstrekkelige, at vi modifiserer vår konklusjon. Våre konklusjoner er basert på revisjonsbevis innhentet frem til datoen for revisjonsberetningen. Etterfølgende hendelser eller forhold kan imidlertid medføre at selskapet og konsernet ikke kan fortsette driften.
- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et rettviseende bilde.
- innhenter vi tilstrekkelig og hensiktsmessig revisjonsbevis vedrørende den finansielle informasjonen til enhetene eller forretningsområdene i konsernet for å kunne gi uttrykk for en mening om konsernregnskapet. Vi er ansvarlige for å lede, følge opp og gjennomføre konsernrevisjonen. Vi har eneansvar for vår konklusjon om konsernregnskapet.

Deloitte.Uavhengig revisors beretning
Finnås Kraftlag SA

Vi kommuniserer med styret blant annet om det planlagte innholdet i og tidspunkt for revisjonsarbeidet og eventuelle vesentlige funn i revisjonen, herunder vesentlige svakheter i intern kontroll som vi avdekker gjennom revisjonen.

Bergen, 7. mai 2025

Deloitte AS



Bjørn Lyse Opdal

statsautorisert revisor

Baksidefoto: Lønnetreet på Moster som måtte vike plassen for den nye vegen

Fotograf: Tove Lise Aasheim

